

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

# LUSTRA

## NYTT

Nr. 1 | 2021    26. årgang



*God sommar!*



*Ordførar Ivar Kvalen.  
Foto: Andreas Eikseth  
Nygjerd AENfotografi.*

# Ordføraren har ordet

Gode lesarar av Lustranytt. Vinteren her i Luster har sleppt taket og sumaren står framom oss, våren her innerst i Sognefjorden er ei fantastisk fin tid. Grøne liar og kvite fjelltoppar er eit fantastisk fint syn. Ei utsikt eg aldri vert lei

av. Det er og eitt år sida eg skrev til sumarutgåva til Lustranytt. Den gongen var korona eller Covid-19 som det heiter, hovudtema. Den gongen var eg optimist, eg vona at denne pandemien snart skulle gå over og at samfunnet skulle finne «normalen» att, men slik vart det ikkje. Dei siste 12 månadane, har vore «lange» månadar. På mange måtar det verste året på lang tid. Fyrst og fremst fordi mange i landet vårt og i verda har vore alvorleg sjuke og mista livet, også i vår kommune har covid-19 fått verst tenkelege utfall. Men pandemien har lagt beslag på kvardagen vår, både arbeid og fritid. Dei aller fleste har funne sin form på arbeidsplassen, heimekontor og teamsmøte, munnbind og antibac, stengde lunsjrom og 1-meterregel. Stengde fritidsaktivitetar, inga reising, avlyste skulestartar og utsette konfirmasjonar.

Eg har mange gonger dette året tenkt på ungdomane våre som har «skrudd» ned den sosiale aktiviteten til eit minimum, ingen julefestar, studentkveldar, «ut på byen» eller russefeiring. Sjølv om eg føler meg ung til sinns, er det likevel stor forskjell på sommaren ein fyller 19 og sommaren ein fyller 49, etter å ha blitt 30 år er somrane stort sett like, men sommaren som 19 åring har du berre ein gong.

Koronaen har og råka næringslivet vårt noko, dei aller fleste bedriftene melder om at det går greitt, ja nokon melder til og med auka omsetning i periodar. Men for reiselivsbedriftene har det vore tøft. Fleire av hotella gjekk frå fullbooka til nærmast tomt hus på nokre veker. Sommaren som ligg framfor oss ser og därleg ut, men kanskje den norske marknaden kan hente inn ein del av svikten.

Luster kommune er godt i gang med vaksinering, me ser alle fram til å få vaksina og få samfunnet tilbake i vanleg gjenge. Dei tilsette i Luster kommune har gjort og gjer ein fantastisk god jobb i denne krevjande tida. Knut Schønberg og vaksineringsteamet på Helsecenteret er på mest døgnet rundt. Knut og kompani gjer ein framifrå jobb for oss, både med vaksinering, smittesporing, organisering og rådgjeving. Knut har alltid gode tydelege svar uansett når på døgnet ein måtte ringe. Stor takk til Helsecenteret

vårt. Også innanfor barnehage, skule, pleie og omsorgstenesta har det siste året bydd på utfordringar. Mindre besøk, reduserte aktivitetar, kohortar og handvask har vore kvardagen for gamal og ung. Eg vil og her nyte høve å takke alle tilsette i Luster kommune for at dei har gjort kvardagen god for dei som treng omsorg og pleie, og at alle borna våre har hatt ein så bra barnehage og skulekvardag som mogeleg. Takk for god innsats i eit krevjande år. Me vonar alle at skulestarten i august vert på god gamal måte.

## 13. september er det Stortingsval

Den dagen kvart fjerde år har me alle like mykje «makta». Då kan alle med norsk statsborgarskap over 18 år velje dei som skal styre landet vårt dei neste 4 åra. Nytt av året er at kommunen har gjort endringar i valkrinsane. Luster som er ein vidstrakt kommune har historisk hatt mange valkrinsar og det har vorte gjort endringar og tilpassingar etter kvart som kommunikasjonar og teknologi endra seg. Luster kommune til liks med svært mange kommunar i landet, går no over til digitale manntal. dette krev betre og sikre nettløysingar, samt større krav til opplæring i bruk av valsystem. Valstyret har difor redusert valkrinsane frå 10 til 3, men me vil komme kringom i alle tidlegare valkrinsar for å ta imot førehandsrøysting. Så alle lusteringar kan røyste i eiga heimbygd, men ikkje på sjølve valdagen. Me har og registrert at fleire vel å førehandsrøyste. Til kommunevalet i 2019 røysta 1 av 3 lusteringar på førehand, bruken av førehandsrøysting har auka ved kvart val dei siste 4-5 gongene.

I Norge er det særsviktig å hegne om demokratiet, me er utruleg heldige som bur i eit land med opne frie val, og tilliten mellom innbyggjarar, offentleg forvalting og det politiske systemet er svært høgt. Få land i verda skorar så høgt på dette som Norge. Denne tilliten må me ta vare på og dyrke vidare. Det kviler eit stort ansvar på dei som styrer, både land og kommune, i Storting og kommunestyre. Openheit og inkludering i politiske prosessar er viktig og avgjeraande for at folk skal ha tillit til systemet. Dessverre ser me kringom i verda at demokrati er under sterkt press og i mange land er det heilt fråverande.

Den beste måten å ta vare på demokratiet er å bruke det, bruk røysteretten din.

God sommar alle lusteringar og lesarar av Lustranytt.

Ivar Kvalen, ordførar

# «Omskiftelege tider - del II»



Rådmann Jarle Skartun.

At pandemien skulle bli så langvarig var det gjerne ein del som frykta, men få som trudde på. Heldigvis, både grunna godt arbeid og gjerne litt flaks, så har me kome godt frå det arbeidet.

Når me og no, via rekneskap og årsmelding, har oppsummert 2020 så er resultata overraskande gode og rådmann sine meir negative prognosar er gjort til skamme, svært bra for kommunen om enn ikkje fullt så bra for rådmannen si dømmekraft. Årsrapporten syner rimeleg godt samsvar med det budsjetterte, i alle høve når det gjeld nettorammer. Rekneskapstala for 2020 syner mindreforbruk i drifta i høve det budsjetterte. Samla resultat, med netto driftsresultat på 24 million kroner, er svært tilfredstillande. Resultatet er prega av at me i stor grad har handtert korona innan dei budsjetterte rammene, løns- og pensjonsoppgjer er vesentleg rimelegare enn det budsjetterte og finansinntektene, gevinst på aksjefonda, har gitt stor verdiauke. Det er berre kraftinntektene frå straumsal som har svikta dette året sjølv om eideoms-skatten på kraftområdet i 2020 fekk ei positiv utvikling utover det budsjetterte i 2020. Resultatet er og prega av at dei statlege ordningane i høve koronapandemien, for Luster, på ein god måte kompenserer for konsekvensane. Sjølv om koronaen til fulle føl oss inn i 2021 så er det gode prognosar på at me skal kome godt frå den oppgåva.

Me har no to år med gode økonomiske driftsresultat i kommunen. Dette gir ein grei driftsbalanse, det gir oss handlingsrom, eigenkapital og evne til handtere prioriterte investeringar utan at lånegjelda vert for krevjande.

## Kommuneplanen sin samfunnsdel

Det er viktig å ta med seg at me i dette bildet skal utvikla kommunen vidare. I den samanheng er me

Overskrifta vart og nytta av rådmannen i Lustranytt for eit år sidan relatert til «Korona, kraft og kapital». Men det var berre starten, omfang og utslag på desse områda vart større enn me såg føre oss. 2020 gjekk over i historia som eit svært spesielt år. Eit unormalt år med endringar/svingingar me ikkje har sett maken til.

no inne i innspelsprosessar for kommuneplanen sin samfunnsdel der me inviterar til deltaking og medverknad. Visjonen med kommuneplanen er å leggje fram strategiar og målsetjingar slik at ein gjennom vidare arbeid i kommuneorganisasjonen kan skapa positiv utvikling i retning miljømessig, sosial og økonomisk berekraft for Lustrasamfunnet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal sjå på heilskapen og gjerne peika på område som skal prioriterast ekstra. Det er fleire utfordringar for ein distrikts-kommune som Luster, men me har eit godt utgangspunkt ikkje minst grunna ein solid kommuneøkonomi. Likevel, korleis vil den omfattande digitaliseringa som no pregar bildet slå ut for nærings- og samfunnsutvikling, korleis vil næringslivet vårt kunne utviklast positivt vidare og kva tiltak gjer oss attraktive ikkje minst som bukommune og region å vera busett i? Dette er viktige og sentrale spørsmål til drøfting i planarbeidet, med behov for innspel og vurderingar. Best mogeleg utvikling i folketal vil vere tett knytt til samfunns- og næringsutvikling elles.

## Sogn for alle

Rådmannen finn i den samanheng grunn til å minna om Sogn Regionråd sitt prosjekt Sogn for alle. Hovudmålet med prosjektet er å sikre verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetting og bulyst blant innvandrarar/innflyttarar. Med innvandrarar så meinast arbeidsinnvandrarar, flyktningar og familiegjenforeninger. Prosjektet skal arbeida for å sikra at innvandrar-ressursane blir værende i Sogn, at dei vert «sogningars», og med det bidreg til verdiskaping og vekst i regionen.

Flytting og sysselsette som ikkje har bustadadresse i kommune eller region betyr ein god del på folketalsutviklinga slik at gode inkluderings- og integreringstiltak her vil vera verdfulle for vekst og utvikling.

Arbeidsgjevarar, inkludert det offentlege, må satsa på innvandrarar og sleppe dei inn i arbeidslivet. Viktig vert det og å sikra at innvandrarar i alle aldersgrupper får auka språkkompetanse og forståing av det norske samfunn. Det må satsast på kompetanseheving og fagutdanning som næringslivet etterspør.

At me og i Luster, på alle plan, gjer ein jobb her vil kunne vera eit viktig bidrag for å halde oppe folketal og sysselsetjing og ei positiv utvikling i kommune og region.

  
Jarle Skartun, rådmann

# Luster sin kulturpris for 2020

Luster kommune har delt ut Kulturprisen sidan 1985. Bakgrunnen for den kommunale kulturprisen har vore, og er framleis, å gje betre vilkår for kulturarbeidarar i kommunen. Men og for å vera til inspirasjon for alle som driv aktivt kulturarbeid. Kulturprisen skal særleg vera ein honnør for oppofrande kulturarbeid. Kulturprisen skal ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjønning. Kulturprisen kan delast ut til einkeltpersonar, organisasjonar eller institusjonar som har utmerka seg i særleg positiv kulturell samanheng. Kulturprisen vil bli delt ut kvart år, så sant det finst høvelege kandidatar. I nominasjonen til årets kulturpris heiter det:

**Kandidaten har gjennom meir enn 30 år vore viktig for formidling av visuell kunst til folk – ikkje berre i kommunen vår, men også i distriket.**

Kandidaten har i alle desse åra vore den som har vald ut kunstnarar og gjort avtaler med desse. Svært mykje fritid har gått med til drifta av galleriet og formidling av kunst.

Det heile starta med ei interesse for kunst og ikkje minst formidling av kunst så tidleg som i slutten på tenåra. Så vart det lyst ut ei stilling som lærar i folkeskulen i 1960-61 - vis av vis Urnes stavkyrkje.

Kandidaten vår lanserte ideen med å starte Galleri Walaker 300 - som vart opna 24. mai 1990. Dette i samband med slekta sitt 300 års jubileum som drivarar av Gjestgevarstaden.

Familien hadde då i nokre år drive restaureringsarbeid på bygningane knytt til hotellet. Særleg den store låven, oppførd med gjenbruk av materialar frå stavkyrkja som stod i bygda, var i dårleg forfatning. Mellom anna av den grunn var det viktig å redde bygninga.

Hermod Nitter Walaker fekk Luster Kommune sin kulturpris i 1991 for dette arbeidet.

For å gjennomføre eit restaurerings arbeid av denne storleiken var det avgjerande å finne eit føremål som bygningane kunne brukast til. Kandidaten vår kom opp med ideen om å bruke lokala til galleri og kunstutstillingar. I 1990 vart den første kunstutstillinga opna. Sidan den gongen har det vore fast opplegg med to utstillingar kvart år, med verk i frå 8 - 12 kunstnarar kvart år. Slik at vi gjennom desse 30 åra har hatt mogelegheit for å få sjå og oppleve mange lokale, nasjonale og internasjonale kunstnarar.

Her kan me ikkje trekka fram alle, men nemner: Knut Rumohr, Signe Weka, Geir Hjetland og Oddvar Torsheim. Mellom dei nasjonale finn me namn som: Ørnulf Opdahl, Nico Widerberg, Rolf Nerli og



*Oddlaug Marie Bringe Walaker og ordførar Ivar Kvalen.*

Kjell Nupen. Av internasjonale kunstnarar kan me også nemna Robin Brown frå England og skulptøren Kati Casida frå California og USA, – men med røter frå Luster.

For kunstnarane har det å få stille ut i Galleri Walaker 300 vorte motteke med ei glede, og det har vanka komplement som eit fantastisk og eigen-arta Galleri. Mange ynskjer å få koma attende, og enkelte kan skilta med meir enn 3 utstillingar.

Galleriet er eit av dei større og viktige private i distrikts Norge. Det har vore og er ein viktig del av turist-perla Solvorn sine attraksjonar. Det høyrer kanskje med i planane framover at bygda også skal få seg den første skulpturparken.

Kandidaten var også ivreg initiativtakar og medspelar for å arrangere seminar om filosofen Wittgenstein sitt arbeid og teoriar. Dette seminaret i Solvorn er no inne i sin 10. sesong.

I nominasjonen er det understreka at: **kandidaten vår bør få kulturprisen for sin innsats for formidling av visuell kunst i distriket vår.**

Kulturprisen skal altså ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjønning. Det er med bakgrunn i dette at Luster kommune i år har vedteke å gje kulturprisen til deg **Oddlaug Marie Bringe Walaker**, sa ordførar Ivar Kvalen då kulturprisen vart overrekt i kommunestyret.

# «Årets bedrift 2021»

Utdelinga av prisen «Årets bedrift i Luster» er ei årleg utdeling.

I år 2021 er det 31. gongen denne utmerkinga vert delt ut.

Det er næringsutvalet i Luster kommune som avgjer kven som får prisen. I statuttane for tildelinga står det mellom anna: «Prisen som årets bedrift er ei honnørutmerking. Prisen vert delt ut til ei bedrift som på ein positiv måte har utmerka seg. Prisen kan gå til etablerte føretak og nyetableringar»

I år 2021 går prisen til eit etablert føretak. Verksemda har markert seg ekstra godt no siste året, med stor satsing og nyinvestering. Årets bedrift i 2021 er Vest Asfalfresing.

Kvifor har så Vest Asfalfresing fått denne utmerkinga:

Vest Asfalfresing vart skipa i 2007. Johannes Flohaug har med unnatak av oppstartsåret eigd verksemda åleine. Vest Asfalfresing har som namnet seier asfalfresing som sin hovudaktivitet. I starten var Austlandet eit viktig marknadsområde, men etter kvart har gamle Sogn og Fjordane vorte viktigast. Dei starta med tre tilsette, dei er no seks tilsette og vil tilsetje fleire i nær framtid. Dei ser gode mulegheiter i marknaden framover.

Sesongen for asfalfresing er frå mars/april til desember. Dei har dei siste åra også satsa på feiring etter veger og parkeringsplassar. Selskapet har i dag tre asfalfresarar, tre vogntog og ein feibil.

I 2009 kjøpte verksemda tomt på Røneidsgrandane og bygde bygg der. Etter kvart vart det behov for større bygg slik at det i 2020 vart bygt nytt bygg på Gaupnegrandane.

Her er det etablert byggmasse på ca 1250 m<sup>2</sup>. Det er verkstadbygg, men og tre



F.v.: Ordførar Ivar Kvalen, eigar og dagleg leiar Johannes Flohaug i Vest Asfalfresing, styreleiar Erik Flaten og styremedlem Tone Elisabeth Leirdal.

vaskehallar. Vaskehallane er eit nytt forretningsområde med tilbod til privatbilistar og firma med større bilar. Alt no har selskapet avtalar om bruk av vaskehallane med Tide Buss og fleire andre storbilkundar. Vaskehallane er ei miljømessig rett satsing med svanemerka vaskemiddel og energieffektiv oppvarming av vatnet.

Vest Asfalfresing er og i ferd med å bli miljøsertifisert bedrift. Heile investeringa på Gaupnegrandane er på vel 17 mill kr. Vest Asfalfresing har vore bevisste på å nytte lokale leverandørar i byggeprosessen.

Flohaug har som eine-eigar i verksemda vore oppteken av å

ha ekstern styreleiar i selskapet. Onkelen hans Erik Flaten har vore styreleiar, han har brei bakgrunn og har vore viktig i dei tunge satsingane som er gjennomførde.

Det har vore satsa på god økonomistyring og økonomien til verksemda er solid.

Vest Asfalfresing er ei viktig verksemd i Luster kommune. Det er viktig for ein kommune å ha verksemder med god kunnskap og som satsar i regionale og nasjonale marknader.

Lukke til framover med nye kontraktar.



# Valet 2021

**Valdagen for Stortingsvalet er mandag den 13. september.**

**Stemmerett:** Du har stemmerett dersom du er:

- Norsk statsborgar
- Har fylt 18 år innan utgangen av 2021
- Er, eller har vore, registrert i folkeregisteret som busett i Norge

**Står du i manntalet?** Manntallet er ei oversikt over alle som har stemmerett i ein kommune. For å kunne stemme må du stå innført i manntalet. Veljarar busett i Norge blir automatisk innført i manntalet i den kommunen der dei er registrert i folkeregisteret som busett pr. 30. juni i valåret. Flyttar du til en anna kommune etter 30. juni, er du framleis registrert i manntalet og har stemmerett i den kommunen du flytta frå sjølv om du melder flytting.

**Bur du i utlandet?** Er du busett i utlandet, men har vore registrert i folkeregisteret som busett i Norge i løpet av dei siste 10 åra, blir du automatisk innført i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett då du flytta frå Norge. Dersom du ikkje har vore registrert busett i Norge dei siste 10 åra, må du søke din siste bustadkommune om å bli ført inn i manntalet. Dersom du aldri har vore folkeregisterført som busett i Norge, skal du søke til Oslo kommune. Du søker ved å skrive under på omslagskonvolutten som blir brukt ved forehandsstemming utanriks, eller du kan søkje på eige skjema på heimesida til kommunen samtidig som du stemmer. Søknaden må innehalde ei erklæring om at du framleis er norsk statsborgar.

**Valkort:** Alle som står i manntalet får tilsendt valkort. I år får du digitalt valkort. Sjå eige oppslag om digitalt valkort. På valkortet står det m.a informasjon om opningstider på vallokalet og kvar du kan førehandsrøyste. Det er fint om du har valkortet tilgjengeleg når du vil stemme, men det går heilt fint om du ikkje har det tilgjengeleg også.

**Du kan sjekke manntalet?** Frå ca. 20. juli kan du sjekke om du står i manntalet. Manntalet blir lagt ut på biblioteket i Gaupne og på servicetorget på rådhuset. Du kan også ringe servicetorget, 57 68 55 00 og spørje om du står i manntalet.

**Klage på manntalet:** Dersom du meiner at du sjølv eller nokon annan urett er blitt innført eller utelatt frå manntalet i kommunen, kan du krevje at feilen blir retta opp. Kravet skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast til: Luster kommune, valstyret, Postboks 77, 6866 Gaupne.

**Legitimasjon:** Vallova seier at ein veljar som er ukjend for stemmemottakar skal legitimere seg. Ta difor med legitimasjon når du skal stemme. Det er eit minstekrav at legitimasjonen har eit visst offisielt preg, og inneheld veljararen sitt namn, fødselsdato og bilet. Legitimasjon kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilet. Anna legitimasjon med bilet vil og bli godkjent.

**Informasjon:** På [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no) vil det bli lagt ut relevant valinformasjon fram mot valdagen. Du finn og mykje god sentral informasjon på [www.valg.no](http://www.valg.no)

## Digitalt valkort



I år vil det bli sendt ut digitale valkort til stortings- og sametingsvalet melder Kommunal- og moderniseringsdepartementet på [valg.no](http://valg.no). No når veljarane får valkortet digitalt, vil du som har smarttelefon kunne ha valkortet tilgjengeleg når du skal stemme. Valkortet er først og fremst ei stadfesting på at du har stemmerett ved valet. Dersom du har med deg valkortet i vallokalet, er det enklare og raskare for valfunksjonærane å finne deg i manntallet. Om du ikkje har valkortet får du likevel stemme. Personar som har reservert seg mot elektronisk post i kontakt- og reservasjonsregisteret, eller som ikkje har oppdatert eller stadfesta kontaktinformasjonen sin i registeret dei siste 18 månadene, vil få valkortet tilsendt på papir.

# SMS og brev med påminning om valet

Alle som har stemmerett ved Stortingsvalet, som er registrert med mobilnummer i kontakt- og reservasjonsregisteret og ikkje har reservert seg mot digital kommunikasjon frå det offentlege, vil få ein sms med påminning om valet.

Stemmeberettiga med innvandrarbakgrunn som har blitt statsborgarar i Norge i løpet av dei siste 8 åra vil få brev med oppmading om å bruke stemmeretten sin.

Det er Kommunal- og moderniseringsdepartementet som melder dette.

## Stemme heime?

Veljarar som på grunn av sjukdom, uførleik eller isolasjonsplikt som følgje av covid-19 ikkje kan stemme der det blir halde førehandsstemming, kan søke om å få førehandsstemme der dei held til. Det same gjeld veljarar som er i karantene som som ikkje kan førehandsstemme på ordinær måte.

**Søknadsfrist er fredag 10. september kl. 10.00 (nasjonal frist).** Du treng ikkje søkje skriftleg. Kontakt Luster kommune, Postboks 77, 6866 Gaupne, tlf. 57 68 55 00. Me vil då gjere avtale slik at du får besøk av to valmedarbeidarar, og får stemme heime.

## Førehandsstemming

Ver merksam på at på valdagen den 13. september kan du stemme på Fjordstova, i idrettshallen i Gaupne eller i samfunnssalen på Hafslø.

Det er høve til å førehandsstemme i servicetorget på rådhuset i Gaupne alle kvardagar i tida 10. august til fredag 10. september. Ev. utvida opningstid blir kunngjort i lokalavisa, på heimesida til Luster kommune, på kommunen si facebookside og på valglokaler.no

### Førehandsstemming

#### i tidlegare krinsar

Sidan valdagstemminga er redusert til tre krinsar, blir det lagt opp til førehandsstemming i dei tidlegare krinsane i løpet av dei siste 2 vekene før valdagen.

Alternativt kan førehandsrøystinga arrangerast i valbil utanfor lokalet. Nøyaktig opningstid kjem på oppslag, i avisar og på heimesida.

Ornes:	i bedehuset, ein kvardag	kl. 16.00–18.00
Fortun:	i grendahuset, ein kvardag	kl. 14.00–18.00
Luster:	i samfunnssalen, ein kvardag	kl. 14.00–20.00
Jostedal:	i samfunnssalen, ein kvardag	kl. 14.00–19.00
Indre Hafslø:	i gymsalen, ein kvardag	kl. 14.00–19.00
Solvorn:	i gymsalen, ein kvardag	kl. 14.00–18.00
Veitastrond:	i samfunnssalen, ein kvardag	kl. 14.00–19.00

### På institusjonar

Det blir førehandsstemming på dei tre omsorgssentra og på Ecura bu- og habilitering på Hafsløtun i siste veka før valet. Det kjem oppslag og blir kunngjort på heimesida.

Dei som bur på institusjon treng ikkje ta med legitimasjon. Alle veljarar har høve til å førehandsstemme på institusjon, både bebuarar, tilsette og andre veljarar dersom ikkje koronarestriksjonar er til hinder.

### Du kan stemme i heile landet

Du kan førehandsstemme her i kommunen hjå oss i servicetorget på rådhuset. Om det passar betre for deg, kan du førehandsstemme i ein anna kommune. Om du eksempelvis studerer i Bergen,

kan du førehandsstemme der. Då vil Bergen kommune sende stemma di til Luster. Om du førehandsstemmer i eigen kommune, er prosessen om lag som på valdagen. Du blir kryssa i manntalet og får legge stemma di rett i urna. Om du stemmer i anna kommune, legg du stemma i 2 konvoluttar og den blir sendt til kommunen der du er manntalsförd. Ta kontakt på rådhuset i den kommunen du vil førehandsstemme i.

### Tidlegstemming

Har du problem med å førehandsstemme etter 10. august, får du høve til å stemme ”tidlegstemme” frå 1. juli til 9. august. Ta kontakt på servicetorget.

# Kven kan du stemme på til Stortingsvalet?

Alle som er manntalsførde i kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke kan stemme på følgjande parti. Det er valstyret i Vestland fylkeskommune som har godkjent listeforsлага:

- Alliansen - Alternativ for Norge
- Arbeidarpartiet
- Demokratene
- Fremskrittspartiet
- Helsepartiet
- Høgre
- Industri- og Næringspartiet
- Kristeleg Folkeparti
- Liberalistene
- Miljøpartiet Dei Grøne
- Partiet De Kristne
- Partiet Sentrum
- Pensjonistpartiet
- Raudt
- Senterpartiet
- SV - Sosialistisk Venstreparti
- Venstre

## Val og korona

Me håpar at alle skal vere vaksinerte og at situasjonen i landet har roa seg før valet tek til. Kommunane har vore pålagde å planlegge og førebu val med smitteverntiltak, m.a med spriting og køar utanfor vallokalet. Alle skal få stemme, også om du er i karantene eller isolasjon. Personar som har symptom eller er sjuke skal ikkje møte opp i ordinært vallokalet for å stemme. Personar som er i isolasjon pga covid-sjukdom, har rett til å få stemme der dei oppheld seg, dvs. ambulerande stemming.

Personar som på valdagen er i karantene, skal kommunen ha ein eigen stemmested for. Her vil kommunen bruke koronateststasjonen på Helsecenteret som «drive-in stemming». Dersom du ikkje klarar å kome deg til denne stemmestaden, har du rett til å få stemme heime.

Dersom du er i karantene eller isolasjon og vil stemme på valdagen, ring Luster kommune 57685500 før kl. 10.00. Då blir det avtalt korleis stemminga skal føregå. Me oppmodar til å førehandsstemme dersom du har høve til det. Det er ope for førehandsstemming 10. august – 10. september, sjå anna oppslag om førehandsstemming.

# Her kan du stemme på valdagen 13. september

På valdagen 13. september er det 3 opne vallokale i Luster kommune. Du vel sjølv kva for eit vallokal du vil stemme i. NB! På valdagen kan du ikkje stemme i andre kommunar enn der du er manntalsførd.

Vallokal	Opningstid
Fjordstova, Skjolden	Kl. 09.00–19.00
Idrettshallen, Gaupne	Kl. 09.00–20.00
Samfunnssalen, Hafslo	Kl. 09.00–19.00

### Er du covid-sjuk eller i karantene?

Då skal du ikkje møte opp på vallokalet, men du skal få stemme. Dersom nokon er i karantene eller i isolasjon på grunn av covid-19 på valdagen, kan dei kontakte kommunen, tlf. 57685500, innan kl. 10.00 på valdagen. Er du i isolasjon, skal du få stemme heime. Er du i karantene, kan det bli stemming på ein «drive-in» stasjon i Gaupne. Dette blir avtalt med kvar enkelt.

Siste dag for førehandsrøysting er fredag 10. september. Dei som er i karantene eller i isolasjon, kan få stemme laurdag og søndag, og seinast på valdagen den 13. september. Sjå elles informasjon om førehandsrøysting og.

### Føl med på [luster.kommune.no](http://luster.kommune.no) og på Facebook


Det er vanskeleg å ha oppdatert informasjon om koronasituasjonen så lang tid før valet som når Lustranytt går i trykken. Me vil alltid ha oppdatert informasjon på heimesida til kommune og på facebook.

## Sametingsvalet

I Luster er det ikkje val til sametinget på sjølve valdagen. Dei som står i samemannalet kan førehandsstemme på rådhuset i Gaupne kvardagar i perioden 10. august til 10. september. Luster høyrer til Sør-Norge valkrins og stemmer blir sendt til Oslo som oppteljingskommune.

Manntalet blir utlagt på rådhuset om lag midt i juli. Ev. klage på innføring eller uriktige opplysningar i samemannalet skal sendast til Sametinget.

# Verdas bokdag 2021 i Luster



*Bokryggpoesi vinner.*

UNESCO markerar verdas bokdag 23. april kvart år for å hylle boka som medium og forfattaren. Målet er å oppmuntre alle til leseglede og hygge. Luster bibliotek har brukt å gjere stas på dagen med litteraturformidling og konkuransar kvart år sidan 2001. Trass smitteverntiltak fekk vi til fine markeringar også i år på alle oppvekst- og skulebibliotek. På Veitastrond vart det laga ekstra kos rundt bibliotek og lesing. Heile 262 elevar var med på quiz om Sommarles i biblioteka på skulane i Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslo, Solvorn og Hafslo. I folkebiblioteket var det tippekonkurranse med bokpremiar, på Gaupne skule likeså; her brukte dei også skuleveka til eit prosjekt kalla «Bokryggpoesi». «Bokryggpoesi» er opprinnleleg eit stunt skapt av to forfattarar

i 2012 til støtte for papirboka. Sidan da er konseptet vidareført som populært leseopplegg i mange skular og bibliotek. Ein lagar dikt ved å sette saman ulike boktitlar. Det gjeld å vere oppfinnsam, så ei slik oppgåve kan vere tidkrevjande!

Vinnarbidraget er skapt av Johanne Fristad, 6. klasse på Gaupne skule.

Andre plass gjekk til Aksel Stegegjerdet sin poesi: «Kva er greia med klima - hør her'a, skogens konge – I morgen er alt mørkt».

Tredjepllassen var det Rufte A. Tekle som innkasserte med dette diktet: «Superpoteten - på nye eventyr – død eller levende – er lik kaos».

Alle elevane fekk is frå rektor for super innsats i poesiskapinga.



*Verdas bokdag blei markert på alle oppvekstbiblioteka med svært god oppslutnad. Her bokryggpoesi fra Gaupne skule.*



*Vinnrarar av tippekonkurransen på Gaupne skule, «Kor mykje veg boktårnet» og «Bokryggpoesi». Frå venstre: Ann Katrin Olsen, Nora Fuglesteg, Victor Seim Winge, Hedda Prestegård, Maia Engelke (skulebibliotekar), Aksel Stegegjerdet, Johanne Fristad og Rufte A. Tekle. Foto: Linda Ø. Røhme.*

# Fleirkulturell klasse

## fekk besøk av NRK



4. klasse på tur med NRK Super.

I 4. klasse ved Gaupne skule går det 12 elevar. Det er den minste klassen vår, men også den som har høgast prosentdel elevar frå ulike nasjonalitetar. Rua og Tasnim kjem frå Syria, Ari frå Australia, Baste frå Kongo, Yafet frå Eritrea medan resten av gjengen er etnisk norske.

I samband med avslutninga av ramadan, kom NRK Super på besøk og fekk vere med klassen på tur opp Gåpnaberget. Undervegs

stilte elevane i klassen spørsmål til Tasnim om mellom anna korleis det var å faste for fyrste gong, kvifor dei hadde ramadan og korleis dei feira id. Journalistane laga to flotte reportasjar frå turen. Den eine vart sendt i Supernytt onsdag 12. mai og den andre vart sendt i den store sendinga «Festen etter fasten» på NRK 1 fredag 14. mai. Sendingane er tilgjengelege på nett-tv for dei som har lyst til å sjå dei.

Me har snakka med to elevar som er nye i klassen:

Yafet Bitsuamlak er 11 år og kom til Gaupne saman med mor i midten av mars i år. Familien kjem frå Eritrea. Far kom til Noreg for fire år sidan, og har budd i Gaupne dei siste to. I vår fekk han positivt svar på søknaden sin om familiesameining. Den siste tida før dei kom til Noreg, budde mor og Yafet i flyktningeleir i Sudan. Morsmålet til Yafet er tigrinja, men han forstår også ein del arabisk.

Yafet: Eg tykkjer det var veldig kjekt å komme til Noreg og få byrje på Gaupne skule. Kvelden før fyrste skuledag, fekk eg lov til å komme inn og sjå klasserommet mitt saman med Yohana frå 5. klasse og Kissanet frå 3. klasse. Dei snakkar tigrinja og viste meg rundt i bygda same dag som karantenetida mi var over. Alle i klassen tok godt imot meg. Dei smila og spurte om eg ville vere med dei å leike. Heldigvis var det to jenter i klassen som snakka arabisk, og som kunne tolke litt for meg. Eg har fått gode vene i klassen og me driv med mykje forskjellig i friminutta. På fritida har eg byrja å spela fotball i IL Bjørn. Me har trening på måndagar og onsdagar.

Baste Mutu er 12 år og kom til Gaupne saman med mor, far, to systre og ein bror i byrjinga av oktober i 2019. Familien kjem frå Den demokratiske republikken Kongo, men budde i flyktningeleir i Uganda i fleire år før dei kom til Noreg. Morsmålet til Baste er kinyarwanda, men ho snakkar og skriv også luganda.

Baste: Eg var veldig glad for å få lov til å komme til Noreg. Elevane i klassen min tok veldig godt imot meg. Før eg lærte meg norsk, var dei flinke til å bruke kroppsspråk når dei ville forklare meg noko eller spørje om eg ville vere med å leike. Når Yafet kom, hugsa eg veldig godt korleis eg hadde det når eg skulle byrje på ny skule i eit nytt land, og eg prøvde å vere ekstra snill med han. I Uganda hadde eg lang veg til skulen, og klassane var mykje større enn her. Det kunne vere opp til hundre elevar i ein klasse. Me sat på langbord og hadde ikkje eigen pult. Ein måtte betale for å få lov til å gå på skulen. Dersom elevane gjorde noko feil, hende det at lærarane slo dei. Slik er det heldigvis ikkje i Noreg.



*Yafet Bitsuamlak.*



*Baste Mutu.*



*Dette er årets nominasjonsjury på Litteraturfestivalen på Lillehammer.  
Oddvar Sie frå Mollandsmarki var einaste guten i juryen.*



## U-prisen, Oddvar Sie og **Litteraturfestivalen**

**Foreningen !les, Norsk litteraturfestival** og **Den kulturelle skulesekken** står bak lesekampanjen U-prisen. Kvart år blir 30 klassar frå heile landet plukka ut etter søknad frå skulen. I august får lærarane oppgåver og eit kurs. Dette er andre gongen heile 9. trinnet på Luster ungdomsskule deltek. Kvar elev skal lese minst ei bok, og publisere bokmeldinga i U-prisen-basen. Denne er offentleg, og har etter kvart blitt ei god kjelde for både lærarar og andre som treng oppdatert info om dei nyaste norske ungdomsbøkene.

Den 15. desember må klassane vere klare med alle bokmeldingane, då ligg det rundt 1000 korte og lange bokmeldingar klar til nominasjonsjuryen. Forfattarane har venta i

spenning på kva lesargruppa deira meiner om årets produksjon. Skulen har hatt to forfattarbesøk og desse har fortalt oss kor viktig U-prisen er for dei, og kor kritiske dei unge lesarane er. Det gler oss at mange av vinnarbøkene i dei 15 åra U-prisen har eksistert, har vore på nynorsk.

I januar byrjar nominasjonsjuryen arbeidet sitt, det er 3-5 medlemmar, frå skular i heile landet. Dei som vil sitje i juryen må søkje til U-prisen, og i år har **Oddvar Sie frå Mollandsmarki** vore einaste guten i juryen. Frå 15. desember til 21. januar las han gjennom alle bokmeldingane, nominerte og grunngav vala sine, alt basert på anmeldarane sine tekstar. Han skulle ha reist til Oslo, men

nominasjonsjuryen måtte jobbe på Teams, grunna Covid-19. Derfor vart han invitert til Litteraturfestivalen på Lillehammer.

Onsdag 26. mai drog Oddvar over fjellet, der vart det bursdagskalas, prisutdeling og U-prisen-show. Han trefte resten av juryen, og dei fekk oppleve utruleg mykje på to dagar. Ein av aktivitetane var ei «Leseløype». Der var det 15 postar med ulike spørsmål. På seks av postane fekk Oddvar møte desse forfattarane: Endre Lund Eriksen, Randi Fuglehaug, Nina Borge, Peter Strassegger, Anne Gunn Halvorsen og Michael Stilson.

I januar kårar også U-prisen årets bokmeldarar og **Marie Moen frå Skjolden** forfatta ein av dei tre beste i 2020. For denne prestasjonen fekk ho ei bokpakke. Ho las fleire bøker og skreiv sjølvstendige og reflekterte tekstar. Dersom de er interesserte kan de finne 9a og 9b sine bokmeldingar på U-prisen sine heimesider. <https://U-prisen.no/>

Kva får skulen att for å delta i U-prisen? Fyrst og fremst auka leseglede. Me får skriveoppgåver som er viktige, som har verkelege mottakarar og som har verdi. Det elevane meiner **er viktig, og det blir teke på alvor**. Skulen får årets norske bøker gratis, og norsklærarane blir oppdaterte på



*Oddvar møter fotballspelar / forfattar Michael Stilson. Han vann U-prisen for tre år sidan med ungdomsromanen: Bare spille ball, fyrste boka i ein triologi om fotballspelaren Fredrik. Det er ei bok som fenger gutane, og jentene.*

## **Eg opna ei bok...**

*Eg opna ei bok og forsvann  
No finn dei meg ikkje  
Stolen er tom, rommet mitt, senga mi  
Bøgdi mi, heile verda har eg lagt bak meg  
Kledd i ei magisk kappe, fann eg Soria Moria  
Drakk eg den mystiske drikken  
Sloss eg med dragen, åt med kongen  
Symde til havsens botn*

*Eg opna boka, fekk nye vener  
Delte tårer, spenning og latter  
Vandra vegen med farefulle svingar mot fryd  
Til den søte slutten der lukka er  
Eg las siste sida  
Den magiske kappa forsvann  
Huset mitt, stolen min, rommet mitt  
har ikkje endra seg  
Men eg, eg har ei bok,  
ei bok inni meg*

*(fritt etter Julia Donaldson)*

ny litteratur. Mange av norsktimane vert brukte til lesing, og når novembermørket har lagt seg rundt skulen, er det stille i klasserommet. Elevane finn fram bøkene sine – og lyttar eller les.

Gjennom U-prisen 2017 fekk skulen kjennskap til Statped/NLB, der kan skulen/elever låne det meste av utgitt litteratur og skulebøker. Den som les seint, eller som likar å lytte til saktekster, god litteratur, eller leseleksene sine kan velje dette verktøyet. Elevar og lærarar brukar både skulen sine PC’ar og eigne telefonar når dei går inn på Lydhør-appen. På Luster ungdomsskule er lesing og lytting likestilt. Sjølvsagt skal elevane lese, men ein må alltid hugse på at det er det som skjer med oss når me les som er det viktigaste, ikkje berre at me les. God boksommar frå elevar og lærarar på Luster ungdomsskule.



Elevane i 1. klasse hadde utedag.

## Skuleovertaking på **Hafslo barne- og ungdomsskule**

Denne våren, i veke 6 og 7, har 4. års lærerstuderter frå Høgskulen på Vestlandet Campus Sogndal hatt skuleovertaking på Hafslo barne og ungdomsskule. Ei skuleovertaking tydar at lærarstudentar “tar over” skulen i ein periode. Dette gjer dei som ein del av utdanninga og for å verkeleg få “kjenna” på det å vera lærar. Studentane har, i god dialog med lærarane og administrasjonen som har vore på heimekontor, hatt ansvar for omrent alt som skjer på skulen desse vekene.

“Det er så mykje som skjer utanfor klasserommet, og det faglege fokuset er ofte det enklaste å halda styr på. Relasjonen og samhaldet mellom elevar, og mellom elevar og lærarar er det som tek mest tid, og er kanskje den viktigaste jobben ein gjer”. Læraryrket er komplekst og det er fyrst i praksis ein får innblikk i alt det inneber. Difor er dette ei viktig oppdaging som det er utruleg viktig å ta med seg vidare i framtidig yrkespraksis.

### Elevperspektivet

Ei skuleovertaking er både spandande og utfordrande for elevane på skulen. Som studentar har me forståing for at dette kan opplevast noko utrygt for nokre elevar. Likevel har me fått fleire positive attendemeldingar frå elevar som seier at dei har opplevd perioden spanande, lærerik og at undervisninga har vore meir variert enn tidlegare. Sjølv sagt har elevane testa studentane litt, og elevane har hyppig, med eit smil på lur, sagt “det pleier me å få lov til”. Likevel ser

det ut til at elevane opplever at studentane har hatt god kontroll. Ein elev uttrykte: "Elevane har rota og tulla lika mykje som vanleg, men ikkje meir". På ungdomsskulen har elevane vore nøgde med at staben er "40 år yngre" enn dei vanlege lærarane. Dei har fått kjenne på meir fridom, og bite seg merke i at bordtennisbordet har vorte nytta meir enn nokon gong. Dei yngste elevane seier at det var litt vanskeleg å hugse namna til alle studentane, men det har "ikkje vore skummelt, men litt rart". Elevane har også kjent at det har vore viktig å oppdatera sine kontaktlærarar på mail om kva som har skjedd på skulen.

Fleire av studentane har diskutert med elevane om kva det vil seie å ha studentar på vitjing. Studentane har fokusert på å vera open og gjeve informasjon om at dette er ein ny og uvant situasjon, men truleg óg ein god erfaring for både elevar og studentar. Ein elev på mellomtrinnet seier sjølv: "i starten var det litt skummelt, men no når eg kjenner dei litt betre, tote eg å gje beskjed, til dømes om det går for fort i undervisninga".

### Lærarperspektivet

For studentane sin del har denne praksisperioden vore den mest lærerrike av dei alle. Fleire har uttrykt at det har vore svært røyndomsnært, og meinar overtakinga har gjort ein klar for yrket. Skuleovertakinga har tydeleggjort viktigheita av gode relasjonar mellom lærar og elev, og at dette er lettare å arbeida med når ein er "åleine" i klasserommet. Dette har vore ein særskilt positiv erfaring



Elevane i 4. laga eigne brettspel.

for mange studentar, der dei opplever å takla utfordringar som kjem spontant i mykje større grad enn tidlegare. Ein lærer mykje av å både ha, og få ansvar, og dette kan gagne framtida sine elever gjennom at studentane vert meir trygge i rollene sine som lærarar.

### Godt samarbeid med andre tilsette

Sjølv om det har vore skuleovertaking, har det fortsatt vore nokre faste tilsette på skulen. Til dømes har reinhald, vaktmeister, helsejukepleiar, assistenter og miljørettleiarar vore tilstades. Generelt sett er desse nøgde med skuleovertakinga, og synest studentane har gjort ein god jobb. "Miljøet på skulen har vore godt og trygt, ein har helsa i gangane og slått av ein prat". Dei har heller ikkje merka særleg til at "resten av skulen" har vorte sendt heim. Med eit glimt i auga, har vaktmeister sagt at me har "masa" mindre på han enn kva dei faste tilsette gjer. Dette kan ha skapa rom

for ein morosam situasjon på fredag før valentinsdagen, då personalrommet plutselig hadde vorte pynta med all slags valentinpynt. Reinhaldarane tykkjer det har vore ganske ryddig på skulen, og merka iallfall ikkje meir rot enn vanleg. Dei er også nøgde med at studentane tar ansvar i gangane når elevar utagerar, og er ivrige lærarar.

Vidare uttrykkjer assistentane at dei tykkjer samarbeidet har vore godt. "Me har vorte respektert som tilsette på skulen, og vorte tatt på alvor". Det skal derimot ikkje leggast skjul på at det har vore krevjande til tider, og poengterar naudsynet med god kommunikasjon mellom dei tilsette i klasserommet, både no og til vanleg. Studentane er svært nøgde og takksame for jobben dei tilsette gjer på skulen, og at dei har vorte tatt så godt imot.

### Studentadministrasjon

Under skuleovertakinga har også administrasjonen vorte



Svampebob og Patrick vart laga av 8. klasse.

byta ut med studentar. Dei kunne sjølv sagt ikkje gjera alle oppgåvane som rektor, inspektør og rådgjevar gjer til vanleg, men dei har hatt eit overordna ansvar om å få dagane til å gå rundt. Arbeidsoppgåver har til dømes vore å skaffa vikarar og assistentar, samtalar med elevar, låsing av skulebygget og uforutsette hendingar som oppstår i løpet av ein arbeidsdag. Dei har også hatt undervisning parallelt med arbeidet, og ser verkeleg nytta av det å kjenna til elevane på skulen, sjølv om ein sit i ein administrativ stilling. Dette har resultert i ein kjekk

og spanande, men også utfordrande og travle kvardag for administrasjonen.

Det samla inntrykket er at alle studentane sit igjen med ein lærdom dei vil ta med seg for resten av livet. Dei faste tilsette kom attende siste dagen og seier "det har gått veldig greitt å la studentane få ta over skulen, men no gleda me oss særskilt mykje til å koma attende etter vinterferien!" Til slutt vil me nytta høvet til å takke Hafslo barne og ungdomsskule for tilliten og erfaringa med denne overtakinga!

*Venleg helsing,  
heile 4GLU Sogndal!*



Bjørnemasker vart laga av 3. klasse.



F.v.: Elisabeth Alme - komande rektor og styrar ved Veitastrond oppvekstsenter; Hilde Holte Selland - avtroppende rektor for Veitastrond skule og Per Rune Joranger – avtroppende styrar for Veitastrond barnehage.

## Oppvekstsenter på **Veitastrond**

Frå å vera separate einingar med kvar sin leiar vert barnehagen og skulen på Veitastrond frå 1. august 2021 gjort om til oppvekstsenter med felles leiar. Rektor og styrar for det nye oppvekstsenteret vert Elisabeth Alme. I perioden 2008 – 2021 har rektor ved Hafslo og barne- og ungdomsskule også vore rektor for skulen på Veitastrond medan styrar ved

Gamlestova barnehage har hatt det administrative ansvaret for barnehagen på Veitastrond sidan 2015. Med aukande barne- og elevtal var tida moden for etablering av oppvekstsenter på Veitastrond, til liks med krinsane Solvorn, Indre Hafslo, Jostedal, Luster og Skjolden.

# BARNEHAGEDAGEN

## 9. mars ved Indre Hafslo barnehage

Barnehagedagen blir markert i mars kvart år. Det blir sett fokus på ulike tema. Føremålet er å synleggjere kva barna får oppleve, erfare og lære i barnehagen.

Tema i år er natur og miljø, som er forankra i rammeplanen sitt fagområde «natur, miljø og teknologi». I år var slagordet «små steg for kloden».

I år laga vi to store hav ved å male på to store papir. Ungane fargelagde glade og sure fiskar, og lima på havet. På det eine havet limte dei på ulike søppel/plast som vi menneske kastar i naturen og som til slutt havnar i sjøen. Der budde dei sure fiskane, medan dei glade fiskane budde i det reine havet. Dette hengde me opp på veggen ute, saman med fakta om naturen, og kva glede

vi i barnehagen har av naturen. Det vart mange gode samtalar rundt dette temaet. Det engasjerte barna veldig mykje. Ofte tok dei turen bort til havet dei hadde laga for å studere og snakka saman.

Konklusjon  
frå barna var  
at vi ikkje må  
kaste søppel i  
naturen. Det  
skader fiskane,  
og dei blir  
veldig lei seg.

På etter-  
middagen  
inviterte vi  
foreldre til  
kaffi, te, saft  
og nysteikte kanelbollar. Barna var  
veldig ivrige på å vise foreldra kva  
dei hadde laga og lært.

Det var veldig kjekt at så mange  
kunne komme i barnehagen.  
På grunn av Covid-19 hadde vi  
foreldrekaffen utendørs. Det gjekk  
veldig fint og vi var heldig med  
veret.



*Til barnehagedagen laga Indre Hafslo barnehage to store hav: Hav med søppel og sure fiskar, og rent hav med glade fiskar.*



Jostedal oppvekstsenter og Gaupne skule har denne våren hatt eit sprelsk og morosamt folkedansprosjekt i samarbeid med Jostedal dans- og spelarlag. Folkedansar Ole Nilssen har vore på vitjing ei rekke gonger på kvar skule og lært elevar hamborgar, springar, gangar, pardans og ringdans.

– Dette har vore ein artig og motiverande måte å læra folkedans på. Folkedans er ein del av kroppsøvingsfaget som elevar kan ha motstand mot. Ole har gitt elevane ei trygg og leikande tilnærming til dans generelt og folkedans spesielt, uttalar Mette F. Reinertsen rektor ved Jostedal oppvekstsenter.

## Folkedans i skulen



*Ole Nilssen demonstrerer folkedans for elevane ved Jostedal oppvekstsenter.*

# Vidareutdanning gjev fagleg påfyll og formell kompetanse

Mange lærarar, skuleleiarar og barnehagetilsette i Luster tek formell vidareutdanning. Det gjev personalet i skulane og barnehagane fagleg påfyll og viktig formell kompetanse. I tillegg rustar det lustraskulen for dei nye kompetansekrava som skal gjelda frå august 2025.

Inneverande skuleår tek fire lærarar vidareutdanning i undervisningsfag og to lærarar tek vidareutdanning for å verta lærarspesialistar, dvs. studium som gjev ekstra fordjuping og som skal stimulera til fagleg utvikling i skule. I tillegg har ein rektor teke vidareutdanning som skuleleiar, den såkalla rektorskulen. Innafor barnehagesektoren er det tre barnehagelærarar som tek vidareutdanning i fag og to assistenter tek barnehagelærarutdanning på deltid.

Frå 2025 gjeld nye kompetansekrav for lærarar. Lærarar som underviser i engelsk, norsk og matematikk må ha 30 studiepoeng i faget medan ungdomsskulelærarar som skal undervisa i desse faga treng 60 studiepoeng. For ungdomsskulen gjeld også kravet om 30 studiepoeng i andre undervisningsfag enn basisfaga.

Med bakgrunn i desse kompetansekrava har det gjennom fleire år vore ei statleg satsing på vidareutdanning for lærarar, Kompetanse for kvalitet. Satsinga inneber at tilsette i skulen kan søkja

Utdanningsdirektoratet om økonomisk støtte til å ta vidareutdanning fram mot 2025. Dei fleste vel ei vikarordning der dei er frigjorte 37,5% av stillinga til å studera i tillegg til eigeninnsats. Det er også oppretta ei statleg stimuleringsordning for vidareutdanning i fag for barnehagelærarar, men den er ikkje like god som ordninga for lærarar.

- Sidan 2012 har nærmere 50 lærarar i Luster teke vidareutdanning i ulike fag, flest innan matematikk, norsk og engelsk, men også i fag som kunst og handverk, musikk og naturfag.

Det viser at lærarane har vore motiverte og positive til vidareutdanning.

Ein ting er at vidareutdanning gjev formell kompetanse, noko som naturlegvis er viktig i høve formelle krav, men vidareutdanning kan også gje fagleg stimulans og metodisk fornying. Både som lærar i skulen og i barnehagen lyt ein vera i fagleg utvikling, og ordningane med vidareutdanning står opp om kompetanseheving i fag.

Så er eg ekstra nøgd med at lustraskulen gjennom Kompetanse for kvalitet-ordninga no har tilsette med formell kompetanse i til dømes norsk som andrespråk og programmering, fagområde der få eller ingen hadde formell kompetanse frå før, seier Knut Åge Teigen, kommunalsjef oppvekst.

## Fem om vidareutdanning



**Lena Stai Bolstad, Luster oppvekstsenter avd. barnehage. Realfag og matematikk, Høgskulen i Volda**

Eg får fagleg påfyll innan eit område som interesserer meg, og som eg kan bruke i kvardagen med barna. På sikt håper eg å kunne bidra med idear og kunnskap som kan auke kompetanse til personalet i barnehagen.

Realfag er ikkje så skummelt eller kjedeleg som mange trur. Det er viktig å ikkje tenkje for komplisert. Barn lærer realfag gjennom leik og aktivitet i samspel med andre barn og vaksne. God kunnskap om realfag kan og vere med på å gi barna gode opplevingar og erfaringar på tur i skog og mark.

**Karine Blikra, Jostedal oppvekstsenter avd. barnehage  
Barns språkutvikling og språklæring, Høgskulen på Vestlandet**

Profesjonen er i stadig utvikling, noko som gjer det viktig med utvikling av kunnskap og kompetanse. Dette er ein fordel for meg som vert tryggare i arbeidet eg gjer, og får meir kunnskap og inspirasjon i arbeidet saman med barna. Barnehagen får fordel i kompetanseheving og utvikling. Det mest matnyttige frå studiet må vere at eg har fått inspirasjon til nye måtar å jobbe med språkstimulering. Eg har òg fått meir kunnskap om språkutvikling generelt.



**Anette Skarsbø Nes, Hafslø barne- og ungdomsskule  
Matematikk 1.-7. trinn, UiA**

Eg har studert matematikk ved Universitetet i Agder dette skuleåret og sit att med masse god lærdom som eg kan ta med meg inn i klasserommet. Studiet er nettbasert og oppbygd som ein Mooc, noko som gjer det veldig fleksibel. Eg har jobba med studiet når det passar meg og min timeplan, uavhengig av faste oppmøtetider på nettsamlingar. Dette har vore kjempegunstig og gjer at ein kan prioritere å jobbe mykje med studiet i rolegare periodar på jobb og jobbe mindre med studiet i periodar det er hektisk på jobb. Det har vore mykje å gjøre med mange innleveringar, men eg har hatt stort fagleg utbyte, då det aller meste kan takast rett med inn i klasserommet. Dersom ein skal studere matematikk kan eg på det varmaste anbefale UiA.



**Håvard Takle Sanden, Luster ungdomsskule  
Lærarspesialiststudiet i Profesjonsfagleg digital kompetanse (PfDK),  
HVL og Universitetet i Sør-Øst Norge**

Hovudemna innan lærarspesialiststudiet innan PfDK er bruk av digitale læringsressursar, kombinert med aksjonslæring/forsking og rettleiing på undervisningsplanlegging i digitale miljø. Studiet gir ein fagleg tyngde og utvikling, som skal gjere ein i stand til å drive kollegarettleiing for å integrere digitale læringsressursar på ein god didaktisk og pedagogisk måte. Gjennom lærarspesialistfunksjonen vil ein kunne planleggje, setje i gang og drive utviklingsarbeid for å heve lærarane sin profesjonsfaglege digitale kompetanse, både på lærar-, skule- og kommunalt nivå.



**Hilde Holte Selland, Hafslø barne- og ungdomsskule  
Rektorutdanning, Høgskulen på Vestlandet**

Utgangspunktet mitt for å ta rektorutdanning var for å bli tryggare i rolla som leiar. Få kompetanse til å takle krevjande leiaroppgåver og å utvikle skulen sitt profesjonsfellesskap. Lære meir om organisasjonskultur og bli ein god leiar som gjennom samarbeid og relasjonar byggjer tillit i organisasjonen.

Det har vore kjekt å bli kjent med skuleleiarar frå andre deler av Vestlandet. Samlingane var lagt til Ålesund og dei fleste studentane var frå Møre og Romsdal. HVL hadde gode førelesarar, samlingane var lærerike og ikkje minst sosiale når me var i lag 2 - 3 dagar på ei samling.

Eg har lært mykje om skuleutvikling. Å utvikle organisasjonen slik at det er eit godt læringsmiljø for elevar og tilsette. Dialog, distribuert leiing og kollektiv læring er strategiar som ein klok leiar bør nytte seg av.

«Ein god leiar vil vere eit klokt menneske, eit godt menneske vil vere ein klok leiar», sitat frå foredragshaldar Paul Otto Brunstad.



# Folk og røvere i Kardemommeby

3-5 åringane i barnehagen ved Solvorn oppvekstsenter har denne vinteren hatt «Folk og røvere i Kardemommeby» som tema.

«Folk og røvere i Kardemommeby» er ei barnebok skriven av Thorbjørn Egner. Boka blei veldig populær allereie på 1950-talet, med eigne sangar, plateutgjeving og radioopplesningar. Boka er ei av dei viktigaste norske barnebøkene me har og ved å velje denne boka ville me gje barna positive opplevingar frå norsk barneboktradisjon.

Folk og røvere i Kardemommeby handlar om den fredelege byen Kardemomme, og dei som bur der. Gjennom bilete, tekst og sangar i



fellessamlingar og kvilestunder, har me fulgt livet i den vesle byen Kardemomme, og blitt godt kjent med folka og dyra der. Dette felles fokuset har bidrege til felles leikereferanse og til inspirasjon i leiken til barna.

Underveis har me hatt ein eigen utkledningsdag/ Kardemommebyfest. Her kledde både små og store seg ut. Det var Røvarar, tante Sofier, Politimester Bastian, Tobias i tårnet, trikkeførar Syversen, Pølsemakaren, Papegøya og Løva. Då var det ballongar, leik og dans i gymsalen hjå oss og heile barnehagen var med. Me avslutta festen med å sjå film frå teateret om Kardemommeby.



Eit av måla har vore å laga vår eigen Kardemommeby. Her har fokuset vore å nytte gjenbruksmateriell som øskjer, dorullar, tørkerullar, mjølkekartongar, papp og diverse som me har hatt liggjande i barnehagen. Det har vore ein ivrig gjeng som gjennom vintermånadane har vore i full sving med å lage menneska, dyra og husa som hører til i byen. Og det var stor stas då byen var ferdig og me kunne ta den i bruk i leiken vår.





*Me såg på kart på PC, og teikna eit stort kart over bygda på ein stor plakat. Deretter lima me inn bilda av husa til barna.*

# Koding på Bruse ved Indre Hafslo barnehage

Gjennom dette barnehageåret har barna 4-6 år arbeidt med tema «heimen min». Det har vi gjort gjennom mange forskjellige tema, for å få meir kunnskap om seg sjølv. Me har jobba mykje med å passe på seg sjølv – det å ta eigne val, respekt for at me er forskjellige som menneske, at familiar er forskjellige, korleis me er med andre, og følelsar me har i kroppen.

Til påske teikna me husa våre, og sådde karse i hagen. Ein annan del av prosjektet, har vore å bli kjent med kvar ungane har husa sine fysisk i bygda. I den samanhengen såg me på kart på PC, og teikna eit stort kart over bygda på ein stor plakat. Deretter lima me inn bilda av husa til barna. Etter kvart som me hadde jobba med temaet, så kopla me inn ny teknologi. Me fekk låne kodebier av skulen. Desse biene har knappar på ryggen som indikera retning (framover, bak, høgre og venstre). Når me trykkjer på dei, gir me biene ein kommando på kvar me ynskjer dei skal gå. Når me har gitt ønska kommando, trykkjer me «GO» – og då går bia dit me ynskjer.

Først fekk barna litt forklaring på korleis biene fungerte, og så fekk dei utforske og prøve seg fram. Når me hadde brukt biene litt, brukte me biene til å «besøke» kvarandre på kartet. Det var veldig spennande. Ungane tok dette veldig fort, og tykte det var kjempestas.



*Me fekk låne kodebier av skulen. Desse biene har knappar på ryggen som indikera retning (framover, bak, høgre og venstre).*



*Eksperiment: vandrante vatn. Me starta med tre glas med gult, raudt og blått vatn med tørkepapirbruer imellom. Let det stå over natta. Hokus pokus! «Me har trylla!», sa ein.*

# Realfag i barnehagen

## – Luster oppvekstsenter

«Me har trylla!» Dette barnehageåret har me sett realfag i fokus. I barnehagealder kan realfag vere sortering, ymse spel, utforsking av former og farger, eksperiment, turar i skog og mark, undersøkingar av plante- og dyreliv, verdsrom og teknologi.

Barna får hjelp til å setje språk på det dei opplever og undrar seg over. Dei utforskar, opplever og eksperimenterer med naturfenomen og fysiske lover, og dei stiller mange spørsmål! Barn si nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær blir anerkjent, stimulert og lagt til

grunn for vidare læringsprosess. Det er viktig å sjå alt me driv med i ein samanheng. Det er like naturlig å gjere eksperiment som å syngje og lese med barna. Me nyttar alle sansane våre aktivt ved å lukte, smake, lytte, sjå og kjenne. Korleis ser snøen ut? Korleis er den å

ta på? Kva skjer med den når den kjem inn? Eksperiment i barnehagen skal vere lett å forstå og utføre, ta utgangspunkt i barna sin nysgjerrigkeit og utforskartrong, og gå føre seg i eit samspel med andre. Utstyret me bruker, kjenner barna att frå andre samanhengar, sånn som kjøkkenutstyr, ballongar, vatn og konditorfarge.

Barns leik er på mange måtar eksperimenterande, og nysgjerrigheita driv dei framover. Eksperimentell leik kan utvikle omgrepssforståinga, teljing, samhandling med andre og anna viktig dugleik. Utfordringa vår ligg i å stille gode nok spørsmål tilbake slik at barnet kan tenkje vidare, lage seg nye spørsmål og hypotesar, og få lyst til å finne ut meir.

Nokre døme på konkretisert realfag i vår barnehage:

- fylge eit epletre gjennom året
- bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og

- læring året rundt
- lage lokalt tilpassa oppslagsverk
- kjenna att former, lage mønster, sortere og klassifisere
- fokus på bærekraftig utvikling gjennom søppelsortering
- lage vår eigen grønsakshage
- eksperimentering

Framtida treng nysgjerrige menneske som kan finne nye løysingar på dei oppgåvene og dei utfordingane som kjem. Satsing på realfag er heilt naudsynt for å sikre den berekraftige utviklinga me ynskjer oss, og gode haldningar kan godt kome tidleg i livet.



*Me har laga vårt eige oppslagsverk med dei mest vanlege insektta, blomstrane, trea og fuglane i Luster. Desse blir flittig brukt, og oppdatert etter behov.*



*Kva skjer med ein isklump når den blir lagt i vatn?*

*Eksperiment med statisk elektrisitet. Utstyr: ballongar og ei ulljakke, eller ein kan bruke sitt eige hår. Veldig spennande, og litt skummelt når ballongane heng fast i tak og vegger.*





Elevbedrifta Fuglemat, f.v. Mari Lerum, Marlen Ackefjord, Leni Ruud, Anna Grindhaug.

## Digital entrepenørskapsmesse for Sogn

Den årlege entrepenørskapsmessa plar vera eit høgdepunkt for ungdomsskulane i Sogn.


Der får elevbedriftene presentera gode idear og flotte produkt. I koronaåret 2020 vart messa avlyst medan ho i 2021 vart gjennomført som digital messe med sending på YouTube.

Tre av prisane gjekk i år til elevbedrifter i Luster:

- Beste nærmiljø-/lokalsamfunnsbedrift: Fuglemat, Hafslo barne- og ungdomsskule
- Beste idé: Lustrastativet, Luster ungdomsskule
- Beste video: Luster streetbasket, Luster ungdomsskule

Vinnarbedriftene i dei ulike kategoriane får som pris pizza saman med klassen sin.

Entreprenørskapsmessa er eit samarbeid mellom Sogn regionråd, kommunane og Ungt Entreprenørskap. I 2022 er målet at messa igjen kan arrangerast fysisk, og då vert Luster vertskap.



Elevbedrifta Lustrastativet; Øyvind Hoel, Arve Joranger, Sverre Fiskaa Haugen og Stig Kvam.



*Legobilrace ved Gaupne skule.*



## STEAMing i Luster

Dei tre skulane Luster ungdomsskule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Gaupne skule er midt i løpet i eit treårig utviklingsprosjekt støtta av det europeiske utdanningsprogrammet Erasmus+.



*Og – action! Filmoppakt ved Hafslo barne- og ungdomsskule.*

Prosjektet heiter STEAMing og er eit tverrfagleg prosjekt der både matematikk, naturfag, kunst og handverk, teknologi og programmering inngår. Dette skuleåret har skulane hatt eit samarbeid med Naturfagsenteret gjennom programmet Skaperskolen. Utviklingsarbeidet skal dokumenterast gjennom ein eigen rapport og tilhøyrande videofilm. Det skulle vore arrangert fleire lærarkurs og –utvekslingar gjennom prosjektet, men grunna koronapandemien er dette sett på vent.

Det er gjennomført mykje spennande og bra utviklingsarbeid på kvar av skulane, og ein ser fram til ein meir normalisert situasjon der det er mogleg å møtast og dela erfaringane med dei andre europeiske partnerane.



## Å vera trygg forelder - kurs for foreldre i barnehagen

Luster kommune har gjennom fleire år hatt eigne kurs for foreldre i barnehagen. Innhaldet i kurset dreier seg om korleis foreldre kan vera trygge omsorgspersonar for barna sine. Denne våren har det vore foreldreksurs i Gaupne.

Kurset er tufta på tryggleikssirkelen, Circle of Security (COS), og vert difor omtala som COS-kurs. Hovudfokuset er å skape trygg tilknyting mellom foreldre og barn. Metodikken byggjer på 60 års forsking og blir nytta i mange land. Ifølge tryggleikssirkelen er det naturleg at borna skal ut å utforske, leike og at barna treng oss vaksne til å støtta dei i denne utforskinga, til å trøyste dei, beskytta dei og hjelpe dei med ulike kjensler.

Dette kan høyrist enkelt ut, men alle som er foreldre veit at det iblant opplevast som utfordrande. Nokon foreldre synest det er vanskeleg å takle sinne, frustrasjon eller redsle og å sjølv klare å vere fornuftig og

stå i ein slik situasjon på ein god måte. Andre synest til dømes det er vanskeleg å la barnet utforske eller å la dei klatra på eiga hand då dei kanskje ikkje opplever å ha kontroll over eige barn.

Foreldre som har vore på kurs melder attende om at det opplevast godt å dele eigne opplevelingar og å høyre at andre kanskje har liknande utfordringar som ein sjølv. Ei tilbakemelding mange foreldre som har delteke på kurset uttrykkjer, er at «dette skulle alle foreldre vore med på!».

Kommunen oppfordrar foreldre til å melde seg på COS-kurs og slik investere tid i å gje barnet sitt ein trygg og god barndom, noko som kan få følgjer for resten av barnet sitt liv. COS-kurs er eit ope kurs og kan vere nyttig for alle foreldre. Interesserte foreldre kan meld seg på kurs via Friskus.

Gå inn på <https://luster.friskus.com/> og klikk deg inn på Foreldreksurs (COS) i Luster kommune.

## Folketalsauke i Luster kommune

1. kvartal 2021

SSB sine tal syner folketalsauke i Luster kommune på 22 personar fyrste kvartal 2021. Det vart fødde 21 born, 7 personar døydde, 55 personar flytte til Luster kommune og 47 personar flytte ut.

- Folketal pr. 01/01-15 5118
- Folketal pr. 01/01-16 5093
- Folketal pr. 01/04-16 5098
- Folketal pr. 01/07-16 5120
- Folketal pr. 01/01-17 5151
- Folketal pr. 01/04-17 5167
- Folketal pr. 01/07-17 5184
- Folketal pr. 01/01-18 5223
- Folketal pr. 01/04-18 5240
- Folketal pr. 01/07-18 5237
- Folketal pr. 01/10-18 5207
- Folketal pr. 01/01-19 5195
- Folketal pr. 01/04-19 5187
- Folketal pr. 01/07-19 5194
- Folketal pr. 01/01-20 5174
- Folketal pr. 01/04-20 5174
- Folketal pr. 01/07-20 5176
- Folketal pr. 01/01-21 5189
- Folketal pr. 01/04-21 5211

# Rekruttering er viktig for barnehagane

Gaupne barnehage har eit godt samarbeid med Sogndal vidaregåande skule angåande å ha elevar på utplassering hjå oss. Me har både 1. og 2. klasse elevar hjå oss Tidlegare år har det vore ein utplasseringsperiode der eleven, eller elevane, har vore kvar dag i ein avgrensa periode, medan i år har me hatt ein elev i praksis kvar fredag gjennom heile året. Ailen Norheim Ekrene har vore utplassert hjå oss i år.

Å jobbe i barnehage inneholder så mykje. Mange barn er fleire timer saman med personalet i barnehagen enn foreldra sine, i løpet av dagen. Difor er det viktig å ha trygge, kompetente og utdanna personell i barnehagane.

Kven er det som skal legge til rette for at borna skal vera fysisk aktive kvar dag? Barnehagen. Kven er det som skal legge til rette for at borna skal få i seg sunn mat, kvar dag? Barnehagen. Kven er det som skal vera dei trygge vaksenpersonane som skal handle utifrå tryggleikssirkelen (Circle of Security), og vera «større, sterke, klokare og gode» kvar dag i møte med borna? Barnehagen. Kven er det som skal vera merksam på at oppvekstmiljøet borna veks opp i, er heilt avgjerdande for at borna skal få ei normal utvikling? Barnehagen. Kven er det som skal fange opp dei sårbare borna, som treng ekstra hjelp til utvikling eller hjelp til å få det godt heime? Barnehagen.

Alle svara her skal vera i samarbeid med borna sin heim, men ein ser at barnehagen har eit stort ansvar. Og Styd kommunikasjon ser på barnehagetilsette som «landets viktigste helsearbeidere» også. Barnehagen skal legge til rette for eit psykisk helsefremjande barnehagemiljø, for at borna skal utvikle god psykisk helse. Og det er litt av eit ansvar.

For å klare å ta i mot alle desse viktige krava i barnehagen, er det viktig med gode tilsette. Og me treng rekruttering til yrket. Difor er det så viktig og så bra at barnehagar og vidaregåande skular kan samarbeide om å få desse viktige elevane ut i praksis, slik at dei er godt rusta til å møte lærerlivet og arbeidslivet.

Å ha vidaregåande elevar hjå oss gjev barnehagen mykje, og barnehagen gjev eleven mykje. Slik spelar me kvarandre gode. Og det blir lagt til rette for utvikling for begge partar.

Gaupne barnehage har også studentar frå HVL i fleire periodar i løpet av året, og er slik bevisste i rolla som medutdannrarar av både pedagogar og fagarbeidarar. Kari Eikanger Agdal har vore ped.

leiari for Ailen i delar av tida ho har vore i Gaupne barnehage, og ho beskriv det å ha vidaregåandeelevar slik:

«Det er veldig kjekt med desse elevane. Dei er unge, men likvel så nysgjerrige på yrket og kvifor me gjer som me gjer i ulike situasjoner. Borna spring til Ailen når ho kjem, og det viser at ho er ein trygg vaksenperson som borna vil ta kontakt med. Det er så viktig at desse elevane er i praksis for å få eit forhold til at teori og praksis går hand i hand. Og samstundes



*Ailen tok barn og tilsette på sin avdeling med seg i sauefjøsen for å sjå på lamma.*

så er det så mange situasjoner som oppstår som det ikkje står om i bøkene. Og det er viktig å ha opplevd desse saman med erfarte tilsette som slik blir ein med-utdannar i konkrete situasjoner».

I barnehagen byter me på å medverke til korleis dagane skal bli. Det blir lagt til rette for at borna skal få medverke til innhald på dagane sine, dei tilsette styrer dagane, og studentar og elevar får også bidra til korleis dagane til borna skal sjå ut.

Gaupne barnehage er takksame for alt me får lære av studentar og elevar! Me lærer noko nytt kvar dag, saman med borna. Det er eit ansvarsfullt, viktig og lærerikt yrke som treng god fagkompetanse. Så me håpar me ser att Ailen og andre elevar i barnehagane i Luster, etter endt lærerlengtid.

# Lærlingar

Hausten 2020 starta nye lærlingar i Luster kommune. Det starta ein lærling i dataelektronikkfaget, ein i barne- og ungdomsarbeidarfaget og to i helsearbeidarfaget. I tillegg starta ein lærling opp att for å fullføre læretida i helsearbeidarfaget.

- Tobias Holmen Frækaland har vinteren 2021 fullført læretida og bestått fagprøven i dataelektronikkfaget.
- Nina Hoftun Halvorsen har vinteren 2021 fullført læretida og bestått fagprøven i helsearbeidarfaget.
- Kristine Yttri har våren 2021 fullført læretida og bestått fagprøven i helsearbeidarfaget.
- Marte Moen Heggestad har sommaren 2021 fullført læretida og bestått fagprøven i helsearbeidarfaget.

Fleire av lærlingane våre skal ha fagprøve i løpet av sommaren.

I løpet av sommaren/hausten 2021 startar nye lærlingar på læretida si i kontor – og administrasjonsfaget, helsearbeidarfaget, barne –og ungdomsarbeidarfaget og dataelektronikkfaget.



Marte Moen  
Heggestad.

## 19 ungdomar har fått sommarjobb

50 ungdommar med alder 16-17 år søkte på sommarjobb i Luster kommune. Ein representant for ungdomens kommunestyre saman med personal avdelinga gjennomførte trekking av dei søkerane som fekk sommarjobb.

Sommarjobbene blir fordelt på dei ulike omsorgssentra, teknisk drift, barnehagane og sentralkjøkkenet. Unge arbeidstakarar utfører enkle arbeidsoppgåver på toppen av den vanlege bemanninga.



Oda Bertine Bondevik Lie.

## Oda Bertine var Luster sin representant på Fylkesting For Ungdom

Fylkesting for ungdom blir arrangert ein gong for året. I år vart det digital samling der over 100 ungdomar i alderen 13-19 år deltok over ei heil helg i april.

Oda Bertine Bondevik Lie frå Hafslo deltok som representant frå ungdomen sitt kommunestyre i Luster.

Dei handsama mange formelle saker om vedtekter og køyrreregler, valde uttalenemnd og valnemnd, godkjende rekneskap og handsoma budsjett og vedtok planprogram for 2021.

- Visjon: Fylkesting for ungdom Vestland – der ungdom blir høyrd.
- Verdiar: Likeverd, nyskapande, involverande.

Oda Bertine sa det var kjekt å vere med på fylkestinget. Ungdom andre stader i Vestland er opptekne av stort sett dei same sakene, m.a transporttilbod, gode møteplassar, miljøsaker, gode skular og læreplassar, entreprenørskap, betre ras- og trafikksikring og mykje meir. Det var eit rikt planprogram med mange målsetjingar som vart vedteke.

Det ligg digitale opptak og informasjon om sakene på [vlfk.no](http://vlfk.no)



Datakurs er fin generasjonsmøteplass.

## **Oppmading frå ungdommen sitt kommunestyre:**

# **Ungdomar i Luster – meld dykk til teneste!**

Ungdomen sitt kommunestyret, UK, har i alle år vore veldig opptekne av at bygdene og kommunenesenteret må ha møteplassar for folk i alle aldrar. No i vinter og vår har UK engasjerte seg i kommuneplanen sin samfunnsdel og bidrege i filmen «Bli med og forme Luster kommune og bygda di for framtida!»

I dette arbeidet drøftar også UK mellom anna møteplassar og vil gjerne at unge og eldre har felles møteplassar for aktivitetskveldar i bygdene. Ulike lag og organisasjonar kan vere arrangørar. Ein kveld kan ungdomar vere vertskap og lære eldre på data,

i ulike kanalar. Andre kveldar kan eldre vere arrangørar og lære frå seg ulikt handverk som yngre ikkje kan. Psykisk og fysisk helse må ligge i botn, det gjer godt å møtast og me kan gjerne legge inn litt trim.

UK har også diskutert det relativt nye tilbodet besøksven, for dei som er 16 år og eldre. Kan du tenkje deg å vere besøksven eller turven? Kan du tenkje deg å ha ein besøksven/turven? Søk opp besøksven på kommunen si heimeside og meld deg på! Du treng ikkje sitje einsam – meld deg til teneste. Det er kjekt og lærerikt å møte folk i alle aldrar.

## **Er du 16 – 19 år?**

Hugs at du kan søkje stipend til yrkesretta kompetanseutvikling eller anna utvekslings- /læringstiltak for ungdom.

**Kvart år er det søknadsfrist 1. mars og 1. oktober.**

Det kom ikkje inn søknader no i vår.

Lurer du på om du kan søkje til di utdanning? Gå inn på heimesida til kommune, søk på ordet «stipend» og du kan finne ut om du kan søkje. Neste søknadsfrist er altså 1. oktober.

# **VAL til ungdomen sitt kommunestyre**

Kommunestyret skal i haust ha nyval til Ungdomen sitt kommunestyre (UK). Valet vil gjelde for 2 år.

Medlemene kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

- Luster ungdomsskule 3 medlemer og 3 varamedlemer i rekkefølge.
- Hafslo barne- og ungdomsskule 3 medlemer og 3 varamedlemer i rekkefølge.
- Sogndal vidaregåande skule 4 medlemer og 4 varamedlemer i rekkefølge.
- Idrettsrådet 1 medlem og 1 varamedlem.
- Alle ungdomsparti kan stille med 1 medlem + varamedlem
- 4H har allereie valt medlem og varamedlem, Per Gunnar Moe og Emma Flohaug Leirdal.

Skulane og organisasjonane melder tilbake kven som er føreslegne som kandidatar. Ingen må bli føreslegne utan at dei samtykker i at dei blir valde. Kommunestyret gjer sjølv valet.

**Er du 13-19 år og hører til desse skulane eller partia og interessert i å vere med i UK? Då må du melde di interesse i elevråd eller i organisasjonen.**

# Luster BesøksVen / TurVen

## – tiltak for deg som er 16 år og oppover



Tiltaket er starta som følgje av koronasituasjonen og skal på ein trygg måte legge til rette for meir aktivitet og sosial deltaking.

A: Har du lyst til å vere BesøksVen/TurVen?  
 B: Har du lyst å ha ein BesøksVen/TurVen?  
 Det er no over 35 personar som er anten A eller B. Kanskje dette kan vere noko for deg?

Dersom du er ven eller pårørande av nokon du tenker dette kan vere noko for så kan du tipse om tilbodet.

Aktivitetar de kan gjere saman: Få besøk – reise på besøk, radiobingo, biltur, kafébesøk, gå på tur, sjå film ilag, lage mat ilag, spele kort.

Du kan melde din interesse til Kari Paulsen på tlf 57685702, eller servicetorget 57685500.

E-post: [post@luster.kommune.no](mailto:post@luster.kommune.no)

Både helsetenesta og omsorgstenesta kan bidra med å vidareformidle informasjon!

Tiltaket er eit samarbeid mellom Luster kommune, Luster Revmatikarforening, Luster Røde Kors og Nasjonalforeningen for folkehelsen Gaupne helselag.

## Ungdomslos

**Armando Navarro er ungdomslos i Luster kommune. Han følgjer opp elevar på Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule.**


### Kva er ein ungdomslos?

Ungdomslosen er eit tilbod for elevane på ungdomsskulane i kommunen; for å auke trivsel på skulen, auke mestringeskjensle og for å førebygge fråvær. Ungdomslosen skal samarbeide tett med ungdommane sine foreldre eller andre omsorgspersonar og hjelpe dei med å understøtte ungdommane sin skulegang.

### Kva kan ungdomslosen hjelpe til med?

- Planlegge lekser og studieteknikk
- Sortere tankar og kjensler
- Takle nervositet
- Støtte- og motivasjonssamtalar med ungdom
- Vekking/køyring/henting til og frå skulen (i avgrensa tidsperiode)
- Hjelpe til med å strukturera kvardagen og få god døgnrytme
- Skape nettverk og sosiale relasjoner
- Motivere og lose inn i aktivitet på fritida
- Bli med ungdommen i møte med ulike instansar
- Vere med på overgangen frå ungdomsskule

Armando Navarro.



til vidaregåande opplæring

- Hjelpe og motivere ungdom til å kome i kontakt med hjelpetenester
- Eller hjelpe til med andre type tiltak som ungdommane treng for at dei skal oppleve sin kvardag som god

Ungdomslosen skal hjelpe ungdom når dei sjølv ynskjer det og kan møte ungdommen på deira arena, samt vere til stades når ungdommen treng nokon å snakke med.

### Korleis kome i kontakt med ungdomslosen?

Elevane sjølv kan ta kontakt med ungdomslosen på skulen eller via tlf./SMS. Føresette/omsorgspersonar, tilsette på skulen eller andre offentlege tilsette kan ta direkte kontakt. For å avtale møte kan du enten ringe eller sende ei melding på 45979559 eller på e-post: [Armando.Navarro@luster.kommune.no](mailto:Armando.Navarro@luster.kommune.no)

Dette er et lågterskeltilbod – har du ei bekymring for ein ungdom – ta kontakt.

# Luster Fritidsfond



Alle barn og unge skal få moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar i Luster kommune. Økonomi skal ikkje vere eit hinder for deltaking. Kjenner du nokon som har lyst til å vere med på ein fritidsaktivitet, men ikkje har økonomi til det, kan Luster Fritidsfond vere til hjelp.

## Kven kan søkje om støtte?

Barn og unge i alderen 6-18 år som bur i Luster kommune og lever i familiar der økonomien er til hinder for deltaking i organiserte fritidsaktivitetar. Ungdom over 18 år med nedsett funksjonsevne og særskilde behov er også innanfor målgruppa.

## Føresette – slik gjer du det

1. Ta kontakt med trenaren/leiaren for den fritidsaktiviteten barnet ditt er interessert i og spør om han/ho kan søkje om å få dekka utgifta gjennom Luster Fritidsfond (oversikt over fritidsaktivitetar finn deg i aktivitetskalenderen Friskus).
2. Trenaren/leiaren kan då søkje om å få dekka utgifta på vegne av barnet.
3. Dersom søknaden vert innvilga vil fondet betale utgifta direkte til klubben utan at dei gjev opp informasjon om at det er din familie dette gjeld. Det er berre du/din familie, trenaren/leiaren og medlemsansvarleg som veit at de har fått dekka utgifta via Luster Fritidsfond.

## Leiar/trenar

Er du leiar/trenar for ein fritidsaktivitet oppmoda me om å nytte denne flotte ordninga. De kan sende ein enkel søknad om støtte på vegne av barnet til medlemskontingent, lisens, trenings-/aktivitetsavgift og eigenandel til turar/leifar/cupar. Dei ulike lag/organisasjonane må sjølv informera

medlemmane sine om kven dei skal ta kontakt med og korleis dei skal gå fram. Til no er det 16 barn som har fått dekka medlemsavgift og lisens av fritidsfondet. Me treng dykkar hjelp til å få alle med ☺

## Spleiselag

Luster Fritidsfond vert finansiert gjennom pengeinnsamling og me sett pris på små og store gåver og donasjoner frå bedrifter, lag, organisasjoner og privatpersonar. Luster kommune har bidrige med 75 000 kr. og Luster Sparebank med 50 000 kr. i samband med oppstart av fondet. Dersom det er nokon som ynskjer å gje midlar til Fritidsfondet, slik at barn og unge i låginntektsfamiliar kan delta i fritidsaktivitetar er det veldig flott. Dette betyr veldig mykje for mange.

Du kan sette inn pengar på fondet sin konto: 3785.07.00142. NB! Merk innbetalinga med: prosjektnr. 20007, Luster Fritidsfond, eller du kan bruke Vippsnr: 596521. Hugs å skrive kven innbetalinga er frå. (Fondet vert administrert av Luster kommune).

## Friskus

Me ynskjer at alle lag og organisasjoner i kommunen registrerar sin aktivitet i Friskus. Friskus vil då kunne gje ein god oversikt over alt som skjer i kommunen. Informasjon om Friskus ligg på heimesida. Informasjon og søknadsskjema til Luster Fritidsfond finn de under kultur, idrett og fritid på heimesida til kommunen. Har du spørsmål, ta kontakt med sekretæren for Fritidsfondet:

Marte Kvisterø Krogstadmo  
E-post:  
[Luster.fritidsfond@luster.kommune.no](mailto:Luster.fritidsfond@luster.kommune.no)



[luster.friskus.com](http://luster.friskus.com)


# Helhestasjon for ungdom (HFU)

På helhestasjonen i Gaupne har me eit gratis tilbod til ungdommar på ungdomskulen og vidaregåande - Helhestasjon For Ungdom. Me har ope kvar torsdag frå kl. 14.30 til kl. 17.00.

På HFU kan me snakke om alt, alt du måtte ynskje. Venskap, familielasjonar, kjærestar, aktivitet, kosthald, spiseforstyrrelsar, helse, seksualitet, prevensjon, graviditet, psykisk helse, konfliktar, press, bekymringar, usikkerheiter, glede, sorger, rus, avhengigheit, mobbing, utdanning/skule og nettvert, for å nemne nokre tema.

Her kan du kome utan å bestille time, men dersom det ikkje passar på torsdagane frå kl. 14.30 – 17.00 kan du kontakte oss på 57685605 for anna tidspunkt.

Helhestasjon for ungdom er komme både på SnapChat og Instagram (HFULuster). Her blir det lagt ut generell informasjon om helse, seksualitet og samliv, samt påminning om åpningstider og kven du møter. De kan vere med på å bestemme kva me skal snakke om ved å sende inn spørsmål på snap eller insta.



QR-kode  
SnapChat



QR-kode  
Instagram



*Passion ynskjer velkommen til nytt semester i haust.*

# Ny giv i danseverkstaden i Luster

DUG Luster bretter opp armane etter eit tungt Koronår! Etter meir enn eit år med korona har det vore humpete på mange måtar for danseverkstaden som for andre frivillige lag og organisasjonar. Det har vore månader utan trening for elevane i danseverkstanden. Ikkje minst har det vore år utan fagleg påfyll for instruktørgruppa Passion som har ansvaret for elevgruppene. Dette har skapt mange utfordringar for danseverkstaden. Det er no lage ein plan for ei fornying og utvikling av danseverkstaden DUG Luster.

## 15 års historie

DUG Luster har alltid vore ei av dei store gruppene til Dans utan grenser i fylket. Danseverkstaden starta i 2006 og er 15 år i år. Allereie 2 år etter etableringa fekk danseverkstaden kulturprisen i 2008 hjå Luster kommune med grunngjeving at dette på kort tid hadde vorte eit populært fritidstilbod som auka livskvalitetten til mange ungdommar. Dans utan grenser har ein underliggjande filosofi der ein praktisera ung-til-ung pedagogikk. Med dette meiner ein at det er lettare for unge å oppleve andre unge som rollemodellar. Elevinstruktørane skal som rollemodellar skape trygg

ungdom som er bevisste, ta ansvar og sjølvstendige val. Det at danseverkstaden er «utan grenser» er tiltenkt at det skal være plass til alle, uavhengig av mellom anna dansekvalifikasjonar.

Gjennom dans og samhald skal alle sikrast ein gruppeidentitet som bidreg til eigenutvikling. Alt skjer innanfor ei ramme med dans, men instruktørane vert trent i mykje meir enn berre dans. Mental helse er eit stikkord i mange samanhengar.

## Turbulent tid

Etter ei turbulent tid for Luster danseverkstad, har ein engasjert stiftaren av Dans utan grenser, Ove Henning Solheim som vaksenkontakt. Ove Henning hadde denne rolla då Dans utan grenser starta opp i Luster for 15 år sidan, og er klar på at han i dag vil gjere ein ny jobb med å reetablera danseverkstaden.

- Luster danseverkstad har i dag potensiale til å verte større enn det danseverkstaden var sist gong eg hadde ansvaret, seier Ove Henning. Vi har ei ung og flott elevinstruktørgruppe som heiter Passion. Denne gruppa har stort potensiale. Det blir no min jobb å sikre at dette potensiale vert utnytta til det fulle.

Det har vi dverre av mange grunnar ikkje klart å få til dei siste sesongane. På grunn av korona har det vore umogleg å få til naudsynte instruktørkurs og stimuli for elevinstruktørane. Nedstenging av aktiviteten fleire gongar pga smitterisko har også vore utfordrande på motivasjon, både for elevar og instruktørar.

### Vidareutvikle instruktørgruppa

Det er gode og samansette planar for å kunne vidareutvikle danseverkstaden i Luster. Det viktigaste måleparameter for vidare utvikling er at elevane møter opp og kosar seg. Dei trygge råmene som skal vere rundt danseverkstaden skal vidareutviklast gjennom eit stramt program for elevinstruktørane. Dei skal utviklast både fagleg med dans, men ikkje minst også forbetre kvalitet og tryggje dei ulike instruktørane betre som rollefigur som sikrar tryggleik og respekt for kvarandre, seier Ove Henning. Instruktørutviklinga er det store planar for gjennom region og fylkesvise program, der Passion vil ha eit opplegg på over 15 helger gjennom eit år.

### Rekruttering

For elevane vart det ein kort pause etter elevframSYNINGA som var den 7. juni. Allereie den 23.-25. juni startar ein opp med sommarskule i Skjolden, Hafslo og Gaupne frå 4. klasse og oppover. Det vil bli oppdelt i ulike aldersgrupper, seier leiar i instruktørgruppa Thea Molland. Vidare vil vi starte ein rekrutteringsturne på skulane når skulane har starta opp til hausten. Det er viktig at vi sikrar eit nærtibod så mange plassar som mogeleg. Til hausten er det planlagt at danseverkstaden har tilbod i Skjolden, Dale, Gaupne og Hafslo. Vi satsar på at mange har lyst å bli med oss i den storsatsinga som vi no går i gang med, seier leiaren for instruktørgruppa Passion.

### Luster Sparebank med på laget

Luster kommune har i lang tid, saman med fylkeskommunen støtta opp omkring danseverkstaden. I samband med den nye storsatsinga til danseverkstaden har også Luster Sparebank på ny



Ove Henning Solheim (stiftar av dans utan grenser) og Thea Molland (leiar dansegruppa Passion).

kome på bana og ynskjer å stø opp under den nye storsatsinga med støtte på heile 50.000 kr.

I samband med tildelinga av gåva seier banksjef Oddstein Haugen at Luster danseverkstad har betydd mykje for mange born og unge gjennom sitt virke i 15 år. I samband med jubileum, og at danseverkstaden har vore hardt råka av koronarestriksjonar, bidrar no Luster Sparebank med naudsynt finansiering til å kunne byggje opp igjen eit godt desentralisert fritidstilbod i Luster kommune.

Grunnfilosofi med at unge er rollemodellar og engasjerte i andre unge si utvikling er viktig for utvikling av lokalsamfunnet. At tilboden er «utan grenser», der det ikkje finst ein reservebenk, men eit kollektivt ansvar for felles deltaking og utvikling gjer tilboden til eit godt supplement til andre aktivitetar som Luster Sparebank støttar. Når ein no har fått stiftar for Dans utan grenser; Ove Henning Solheim til å ta ansvar for utvikling av tilboden på ny, er ein trygg på at Luster danseverkstad vil lukkast med den nye satsinga, seier banksjefen.

*Passion i aksjon.*





# COS kurs

## - «Circle of Security» - Tryggleikssirkelen

Luster helsestasjon held COS-kurs for foreldre på dagtid. Dette kurset egnar seg best for dei som er heime i barselpermisjon med barn under eit år og det vert dermed lagt til rette for at babyane kan vera med. Vi har sendt ut invitasjon til kurset to gonger årleg. Denne har gått til dei som har fått barn siste halve året. I sommar vert det sendt invitasjon til dei som har fått barn første halvdel av 2021.

Foreldrerettleiingskurset Circle of Security (COS), tryggleikssirkelen, skal gje foreldre eit verktøy til betre å forstå kva behov barn har, tolke signalene barnet gir, og gjere foreldre betre rusta til å møte barn sine behov. Ein treng ikkje ha ekstra utfordringar for å ha nytte av kurset. Dette er nyttig for dei fleste. Målet med kurset er at barnet skal få hjelp til å kjenne seg trygg og på den måten stå sterkare rusta til å møte utfordringar seinare i livet. Kurset kan og bidra til eit betre samspel mellom foreldre og barn. På kurset får ein hjelp til blant anna; Korleis styrke sjølvkjensla til barnet? Korleis handtere situasjonar der barnet si åtferd er utfordrande? Korleis takle eigen frustrasjon i møte

med barnet og korleis finne balansen mellom å vera tydeleg, men samtidig god i krevjande situasjonar?

Luster helsestasjon har arrangert 3 kurs på dagtid og det er helsejukepleiar som leiar dette. Det har til saman vore 12 foreldre som har delteke på dagkurs. Ein har hatt kurs på Luster helseenter, og eit kurs med deltakarar frå Hafslo vart halde i Hafslo barnehage. Ein er avhengig av eit godt møterom med nettbaserte løysningar for streaming av kursmodular.

Det har vore særskilt gode tilbakemeldingar frå dei som har vore med. Utsegn som at «dette skulle eg ha hatt då eg fekk førstemann», «trur eg er vorten ein tryggare voksen og møter ungane på ein anna måte» og «eg er blitt meir bevisst på korleis eg handterer ungane mine» er tilbakemeldingar me tek med oss vidare.

Dersom du er blitt eller skal bli forelder i løpet av året håpar vi å sjå deg på COS-kurs på helsestasjonen!

Meld deg på kurs via Luster kommune / Friskus eller ta kontakt med Berit Skjerdal ved Luster helsestasjon: [berit.skjerdal@luster.kommune.no](mailto:berit.skjerdal@luster.kommune.no). Planlagt start etter sommaren er 7. september.

## «Svadlekroken» flyttar til Luster treningscenter

Her kan du komme og få deg ein kaffikopp og slå av ein prat. Treng du hjelp til data, så har me PC tilgjengeleg.

Frå medio juni vil Svadlekroken halde til på kantina til Luster Treningssenter! Informasjon om når møteplassen startar opp der kjem på Luster Friskus.

Opningstida er kl. 15-18 kvar torsdag.  
Me sel kaffi/te og vafler.

«Svadlekroken» har som mål å skapa ein uformell møteplass open for alle!

**VELKOMMEN TIL  
MØTEPLASSEN**

**SVADLEKROKEN  
I GAUPNE**

**KVAR TORSDAG KL 15 -18**

# Kjenner du deg trygg heime?

## Treng du nokon å snakke med?

Luster legekontor:	57 68 56 00
Luster helsestasjon:	57 68 56 05
Familievernkontoret:	46 61 92 80
Sogn barnevern (dagtid):	97 50 60 95
Barnevernvakta (kveld/natt/helg):	40 02 29 88
Krisesenteret i Florø:	57 74 36 00
Overgrepsmottaket (Førde):	57 72 37 48
Politi:	112
Legevakt:	116 117

## Ved akutt fare, ring politiet 112.

Politiet kan påleggje overgripars besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til krisesenteret. Du kan melde valden.

På Krisesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg skade for å søkje hjelp – trugslar og psykisk vald er like alvorleg.

Er du blitt seksuelt misbrukt eller voldtatt? Ring overgrepsmottaket i Førde: **57 72 37 48**. Dei tek vare på deg, undersøker deg og hjelper deg å dokumentere overgrepet.

Er du vitne til vald; som nabo, ven eller kollega? Er du uroleg for at ting ikkje er som det burde vere hjå nokon du kjenner? Ikkje ver redd for å seie ifrå, du kan gjere ein skilnad.

**Meir informasjon finn du på:**  
<https://DinUtwei.no>

For meir informasjon om kven du kan snakke med, scann QR-koden:



## SJEKKLISTE:

- Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- Er barnet ditt trygt?
- Får du høre at du ikkje er verdt noko?
- Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- Vert ting du er glad i øydelagt?
- Ynskjer de hjelp til å løyse konfliktar?
- Disponerer du eigne pengar?

**Det er aldri din feil! Det er aldri for seint! Det er alltid hjelp å få!**



Hafslø omsorgssenter takkar hjarteleg for minnegåva i samband med **Tore Kleiven** sin bortgang.

Helsing  
Hafslø omsorgssenter  
Ruth Karin Kvam, einingsleiar

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk til Korttidsavdelinga og Heimesjukepleien ved Gaupne omsorgssenter i høve **Lars Elvekrok** si gravferd.

Helsing  
Gaupne omsorgssenter  
Tone Kjærvi Kveane, einingsleiar



RPH teamet f.v.: Vivi Ann Abelsen, Silje Systad Moen og Randi Kalstad.

# Rask Psykisk Helsehjelp (RPH)

Rask Psykisk helsehjelp er eit tilbod til deg over 16 år som opplever at du har behov for hjelp til å takle lettare psykiske helseplager som:

- Milde til moderate depresjonsplager

- Ulike angstlidingar
- Søvnvanskar
- Byrjande rusproblem

Tilboden er gratis og du treng ikkje tilvising frå lege.

## Korleis?

Rask Psykisk helsehjelp tilbyr kognitiv terapi som er ein godt dokumentert behandlingsmetode for psykiske lidinger. Du deltek aktivt sjølv i behandlingsprosessen. Behandlinga kan innehalde:

- Kurs i meistring av depresjon eller angst
- Rettleia sjølvhjelp med oppfølgingssamtalar via telefon
- Individuelle samtalar

## Målet er at du skal oppleve:

- Auka meistring i kvardagen
- Få betre livskvalitet
- Mindre symptomtrykk
- Få tileigna nye verktøy som gjer at du kan handtere eigen situasjon betre

## Kontakt:

Teamet er tverrfagleg samansett med brei og god kompetanse. Alle tilsette har vidareutdanning i kognitiv åtferdsterapi.

Telefon: 57 68 56 37

E-post: [rask.psykisk.helsehjelp@luster.kommune.no](mailto:rask.psykisk.helsehjelp@luster.kommune.no)

Velkommen til rask psykisk helsehjelp! ☺

# Livsmeistring – robuste barn og unge

Livsmeistring – robuste barn og unge er eit femårig prosjektsamarbeid for Luster- og Sogndal kommune finansiert av helsedirektoratet. Målet er gjøre barn og unge godt rusta til å takle medgang og motgang i livet.

Me vil gje barn og unge like moglegheiter til å utvikle ei positiv psykisk helse uavhengig av kvar dei bur, kva barnehage eller skule dei går på og kva rektor dei har. Læreplanverket for grunnskulen er fornya og folkehelse og livsmeistring er eit av tre tverrfaglege tema som skal inn i alle fag. Det å jobbe systematisk og innlemme psykisk helse som ein del av skulekvarden og i undervisninga, kan bidra til å gje

elevane kompetanse til å meistre utfordringar knytt til identitet, sjølvbilete og samhandling med andre, samt sette fokus på viktigheita av eiga psykisk helse.

### Ungdata– undersøking 2021

Barn og unge i Luster kommune har delteke på ei nasjonal spørjeundersøking som m.a. handlar om vener, skule, lokalmiljø, helse og trivsel. Dei som veks opp i dag kan karakteriserast som ein veltilpassa, aktiv og heimekjær ungdomsgenerasjon, likevel om dei fleste trivast og er godt nøgde, er det ei auke hjå barn og unge i psykiske helseplager. Det er mange som opplever bekymring i kvar dagen, særleg er det mange jenter som opplever skulen som stressande. For å stoppe denne utviklinga ynskjer ungdommen sjølv:

- Meir informasjon om psykisk helse i skulen
- Tidleg og betre opplæring i kjønn, seksualitet, kropp, rus, nettvet og økonomi
- Jamleg undervisning med små dosar heile året
- Trygge vaksne å snakke med
- Normalisere psykisk helse – at det vert mindre tabu å slite psykisk
- Legge mindre press på oss sjølv, samstundes som foreldre og lærarar minner oss på at skule ikkje er alt

### Ressursgruppe med ungdom

9 ungdommar frå Luster- og Sogndal kommune er viktige samarbeidspartnarar i arbeidet. Dei gir oss tilbakemeldingar om korleis det er å vekse opp i dag og kva område me bør bli betre på for å gjere barn og unge godt rusta til livets opp- og nedturar.

### Prosjektgruppa har representantar frå begge kommunane:

Linda Midtun (Luster – barnehage), Eva Cathrine Loen (Luster – skule), Berit Skjerdal (Luster helsestasjon), Roar Erlandsen (Sogndal – barnehage), Helge Resaland (Sogndal – skule), Elin Kvam (Sogndal helsestasjon), Trude Os (Sogndal – kommunepsykolog), Stein Helge Selland (Luster – politikontakt), Torgeir Bøyum (Sogndal – foreldrerepresentant) og Tone Thomassen (Luster – foreldrerepresentant).

**Les meir om prosjektet på:**  
<http://handling.forebygging.no/folkehelsearbeid/Livsmeistring--robuste-barn-og-ungdom/>



Luster kommune er no godt i gang med å bruke Friskus! Friskus vil gi deg som innbyggjar god oversikt på kva aktivitetar, arrangement og oppdrag som fins i nærleiken av deg og du har mogelegheit til å filtrere på stad, dato og interesse. Du kan «shoppe» frivillige oppdrag når det passar deg. Det kan vere alt frå å steike lappar på ein fotballkamp til å ta med deg hunden på omsorgssenteret!

**KORLEIS** 2  
Invitere til arrangørsida/gruppa

#### Slik inviterer du andre inn i gruppa ditt:

1. Logg inn på den personlege brukarkontoen din.
2. Gå inn i gruppa ditt. Dette gjer du ved å seia på gruppa frå sakjefellet på framsida, gå via "arrangørar", eller via din personlege profil.
3. Vel "inviter".

Du kan invitere andre inn i gruppa ditt via e-post, eller via brukarkontoen dykkar i Friskus.



**KORLEIS** 3  
Oppretta ein aktivitet



#### Slik opprettar du ein aktivitet:

1. Logg inn på den personlege brukarkontoen din.
2. Gå inn i gruppa ditt. Dette gjer du ved å seia på gruppa frå sakjefellet på framsida, gå via "arrangørar", eller via din personlege profil din.
3. Gå til fanen "kalender".
4. Vel "opprett ny aktivitet".

**KORLEIS**  
Opprett arrangørsida/gruppa



#### Slik blir du arrangør:

1. Gå inn på [luster.friskus.com](http://luster.friskus.com)
2. Trykk øvst på sida, "BLI ARRANGØR".
3. Lag deg ein personleg brukarkonto i ditt namn, og fyll inn opplysningane for din organisasjon.

Du vil deretter få ein e-post når arrangørsida er klar til bruk, og då kan du legge ut arrangementene og frivillige oppdrag.

**Korleis**  
Laere meir?

#### Lurer du på noko?

Ta kontakt med prosjektleiarane i Luster:

- Laila Haugsvær - Britt Marie Hauge  
[laila.haugsver@luster.kommune.no](mailto:laila.haugsver@luster.kommune.no)  
[britt.vetur.hauge@luster.kommune.no](mailto:britt.vetur.hauge@luster.kommune.no)

- Ved tekniske problem, send e-post til:  
[support@friskus.com](mailto:support@friskus.com)



# Frivilligsentralen



## Til Topps

Dette er eit årleg arrangement for asylsøkjarar, flyktningar og arbeidsinnvandrarar. Målet er å bli integrert medan ein opplever den norske naturen. I år går turen til Kleivafjellet i Skei i Jølster, den 12. juni. Dette er eit samarbeid med Luster Røde Kors og Sogn og Fjordane Røde Kors.



## Treningsturar

Fram mot Til Topps har det vore arrangert treningsturar i nærområde. Måndagar med gågjengen og Gaupne helselag, og onsdagar med Luster frivilligsentral og Luster Røde Kors.



## Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma (FTU Luster)

Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma er eit samarbeid mellom NFU Luster lokallag, Luster turlag og Luster frivilligsentral. Målsetjinga er å gje utviklingshemma gode opplevingar ute i naturen. Dei utviklingshemma må ha med følgje/personale. Frivillige er med og tilrettelegg aktiviteten. FTU Luster blir gjennomført den første onsdagen i månaden frå kl. 17.00–19.00.

## Luster utstyrssentral

Utstyrssentralen held til i Pyramiden senter ved sida av bruktboutikken. Her kan alle leige gratis turutstyr, inntil ei veke om gongen. I mai fekk sentralen midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som skal nyttast til innkjøp av nytt utstyr.



## Seniortreff

Seniortreff for deg som bur heime er eit tilbod annakvar torsdag på Aktivitetsstova ved Gaupne omsorgssenter.

På treffa er det sosialt samvær, underhaldning, lett trim og servering av varm mat.

Så langt i år har dessverre treffa vore avlyst grunna korona. Me satsar på oppstart til hausten.

### Tidspunkt:

kl 10.00–14.00  
på desse datoane:

- 19. august
  - 02. september
  - 16. september
  - 30. september
  - 14. oktober
  - 28. oktober
  - 11. november
  - 25. november
  - 02. desember
- Eigenandel kr 150,- pr. gong.

### Transport:

Det blir organisert transport for dei som har behov.

### Påmelding:

Påmelding pr. telefon til 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13:00.

# Gode pasientforløp

Luster kommune er med i eit nasjonalt læringsnettverk for gode pasientforløp. Læringsnettverket har ein framdriftsplang frå mars 2021 til september 2022, med digitale samlingar og teammøte med lokalt forbetingsteam. Forbetringsteamet i kommunen har representantar frå ulike einingar i helse- og omsorgstenesta. Leiari av teamet er Ruth Karin Kvam.

Ein viktig del av utviklingsarbeidet er brukarmedverknad, og ein vil gjennomføre spørje-

undersøkingar og intervju med tilsette, pasientar og pårørande. Dette arbeidet er allereie i gong.

Målet med læringsnettverket er å utvikle koordinerte og trygge overgangar i pasientforløpet, både internt i kommunen, og eksternt mellom kommunen og spesialisthelsetenesta.

Hovudpunktua i læringsnettverket er system og brukarfokus: System og rutinar som sikrar gode overgangar i pasientforløpet uavhengig av kva diagnose pasienten



har, og fokus på kva som er viktig for den enkelte pasient.

# ABC Musikkbasert miljøbehandling



Frå fagseminaret der dei fekk fagleg påfyll med bruk av musikk, dans og bevegelse i praksis.

Musikkbasert miljøbehandling er eit opplæringstilbod om integrert musikk, sang og bevegelse i miljøbehandling. 9 tilsette på Hafslo har starta med denne opplæringa.

Dei tilsette lærer korleis dei kan integrere musikk, sang og bevegelse som miljøbehandling i det daglege pleie- og omsorgsarbeidet. Målet er at denne typen miljøbehandling skal bli ein naturleg del av kvardagen til bebuarane og dei tilsette. Opplæringa gir kompetanse i bruk av musikk for å auke livskvalitet, meistring og eigenverd for bebuarane. Dei tilsette får kunnskap om musikk, sang og bevegelse som metode.

## Prosjekt saman med Demensforeninga

### Sogndal, Luster og Leikanger

På Hafslo har me i mange år hatt eit godt samarbeid med Demensforeningen Sogndal, Luster og Leikanger. I 10 år har Demensforeninga ved Hilde Kristoffersen og Hafslo Røde kors besøksteneste ved Marit Fossheim og Liv Orrestad vore på omsorgssenteret kvar torsdag ettermiddag og hatt trim med musikk til bebuarane.

Etter trimøkta serverar dei frukt og drikke og har ei hyggeleg stund saman.

Demensforeninga Sogndal, Leikanger og Luster har i vår starta eit prosjekt som handlar om musikk, rytme og sang for å få fram det friske hjå personar med demenssjukdom. Dette er eit samarbeid mellom frivillige, personale på omsorgssentera, brukarrepresentant og pårørande. Demensforeninga har søkt om aktivitetsmidlar og fått 40.000 kr Dam-aktivitetsmidlar. Hafslo omsorgssenter er heldige og får ta del i dette prosjektet saman med omsorgssenteret i Sogndal. Demensforeninga har fått med seg ein musikkterapeut og ein musikar Kari Thorsen, til å hjelpe dei med å skape fleire nye musikkaktivitetar med spesiell vekt på sang, rytme og trim for bebuarane. Frivillige og dei pårørande er viktige ressurspersonar saman med Demensforeninga for å gje bebuarane gode opplevelingar og hyggelege stunder.

Gjennom å heve kompetansen til tilsette, og vere ein del av prosjektet til Demensforeninga Sogndal, Luster og Leikanger, vil me lære meir om korleis musikk, rytme og sang kan brukast på ein god måte når me samhandlar med personar med demenssjukdom. Me ser fram til mange gode stunder med musikk, bevegelse og velvære for bebuarane våre.

Merete Dale  
og Hilde  
Kristoffersen  
frå Demens-  
foreninga  
Sogndal, Luster  
og Leikanger.





Øyagta 20b, med  
8 leilegheiter.

Gjennomgang  
mellan leilegheiter  
og administra-  
sjonsbygget.

# Grandmo Miljøteneste

Med nytt bygg: nytt namn! Frå Grandmo busenter til Grandmo miljøteneste! Luster kommune har i løpet av dei to siste åra bygd nytt bygg til det som no er Grandmo miljøteneste. Dette er til stor glede for dei som bur der og for dei som jobbar der!

Det var vel i grunnen på høg tid at denne brukargruppa vart prioritert. Det var dårlege butilhøve, og ikkje dei beste arbeidsforholda heller. Brukarane på Grandmo miljøteneste, ropar gjerne ikkje så høgt, men fortente no å få seg ein ny plass å bu. Alle er veldig takknemlege for at Luster kommune prioriterte dette, og som ein av brukarane so fint seier det: «Eg kosar meg i luksusleilegheita mi, eg». ein er vane med å bu i lag, og viser omsorg og omtanke for kvarandre. Det er slik dei likar å ha det!

Alle brukarane har vore tolmodige i byggeprosessen, og mange av dei har budd på



omsorgssenteret i Gaupne, og fann seg godt til rette der. Dei lurar no på om dei er sakna på omsorgssenteret, for det vart vel litt liv og røre i gangane der, og dei likte å slå av ein prat med dei som var der.

Det gamle busenteret er totalrenovert, og er påbygd. Her er det no fire leilegheiter med takheis, i tillegg til personalavdeling, med møterom, kontor til leiar, fagleiar og til personal. Toalett, til og med to, garderobar og eit sove/kvilerom. Her er og eit romsleg fellesareal med kjøken, spisebord og ein sofakrok. Dette vert bl.a. brukt til laurdagskos og søndagskaffi.

Dei nye kontora vart tekne i bruk i august 2020 og dei første brukarane flytta inn i dei nye leilegheitene sine i september 2020. Etter kvart som møblar og utstyr kom, vart heile ‘gamlebygget’ teke i bruk utover hausten.

Det var til stor glede for dei som kunne flytta inn i dei nye leilegheitene sine, medan dei som skulle ha nye leilegheiter i det nye bygget, måtte venta til over nyttår før dette vart ferdig.



Tor Stian ved postkassane.

3. januar 2021 flytta førstemann inn i splitter ny leilegheit, i heilt nytt bygg! Og han var godt fornøgd! Etter kvart flytta dei andre inn i sine leilegheiter, noko dei hadde sett fram til ei stund. Mange av brukarane kjøpte seg nye møblar og var veldig glade for endeleg å komma seg på plass.

Det nye bygget inneholder 8 leilegheiter, i tillegg til fellesareal. Eit fellesrom i første etasje med kjøkken og spisebord, og så håpar me at sofa og fjernsyn kjem på plass snart! I andre etasje er det og eit fellesareal, dette skal verta brukt som eit aktivitetstilbod som fortsatt er litt under planlegging. Men me håpar og at dette snart er på plass.

No står att berre å ordna til eit fint uteareal. Så håpar me at Koronaen gjev oss lov å ha ein stor opningsfest etter sommaren!

Alt i alt er alle veldig fornøgde og tykkjer me har fått det fint! Til stor glede både for brukarar og tilsette!



Anne Karin Kvamsdal har budd i ny leilegheit sidan januar. Ho storkosar seg! Ho har kjøpt seg nye møblar, og tykkjer det er kjekt å bu så nær andre, så ho kan gå på besök.



Fellesstova i administrasjonsbygget.



Kontorfløya i administrasjonsbygget.



*Her er det dei tilsette over 65 år som har fått vaksine. Arve og Beate passar godt på.*



*Gjertrud er første som får koronavaksine i Luster.*

# Koronavaksinering på Luster Omsorgssenter

Rett på nyåret 2021 var det klart for vaksinering av brukarane på sjukeheimen på Luster Omsorgssenter. Dato var varsla i desember, og me såg alle fram til å kunna starta. Sidan mars 2020 hadde koronapandemien ligge over oss og medført både restriksjonar, ekstra smitteverntiltak og bekymring. Frykta for å få viruset inn i institusjonen var der. På førehand hadde me fått god rettleiing korleis me skulle gjennomføre dette, blant anna skulle me ha 2 vaksinasjonsansvarlege. I Luster vart det sjukepleiarane Arve Lomheim og Beate Bondevik Lie. Vaksinasjonsutstyr var på plass, og me hadde på førehand teke opp med kvar brukar om vaksineringa og kven som ville ha vaksine.

6. januar – som den først sjukeheimen i Sogn – starta me vaksinering. Smittevernlege Knut Schønberg og helse-sjukepleiar Berit Skjerdal var med denne



*God rettleiing under koronavaksinering.*

første dagen for å rettleia og sjå til at alt gjekk greitt. Litt ekstra merksemd fekk me også då både Sogn Avis, Porten og Radio Luster kom for å dekke saka.

24 dosar av vaksina Pfizer vart sett denne dagen. Alt gjekk fint. Ingen fekk reaksjonar denne dagen eller etterpå. 3 veker seinare fekk dei same ny 2. dose.

Frå 6. januar og utover vinteren har alle brukarane både på Sjukeheimen og Eldresenteret fått vaksine. Litt å halda orden på sidan det vart vaksinert i

mange omgangar med 1. og 2. dose. Alt har vore journalført i pasientprogrammet Gerica.

3. mars var første dag for vaksinering av dei tilsette. Dei under 65 år fekk Astra Zeneca, og dei over 65 fekk BioNTech Pfizer. Både fast tilsette og faste vikarar fekk vaksine. Denne vaksineringa har og gått fint. Ingen har fått alvorlege biverknader, men mange fekk biverknader i form av hovudverk og feber. Så litt sjukefråvær i samband med vaksineringa har me hatt.

Til saman er det sett 142 vaksiner på Omsorgssenteret. Ein del ekstra arbeid har dette sjølvsagt medført både i form av vaksinering, men like mykje logistikk og informasjon og planlegging. Dette er ein jobb som har kome i tillegg til det vanlege arbeidet.

Dei andre omsorgsentra Hafslo og Gaupne har i likhet med Luster også gjennomført all vaksinering sjølve.

Me er no sjølvsagt glade for at alle er vaksinerte både i forhold til arbeid og fritid. Me er takknemleg for god hjelpe frå både smittevernlege og helse-sjukepleiar i samband med vaksinering og korona – pandemien generelt.

## Ung i Luster



Kulturutveksling ligg under «Ung i Luster» på heimesida.

# Kulturutveksling med USA for ungdom frå Luster

Vennskapskommunen til Luster kommune heiter Vernon Co. og ligg i Wisconsin, USA. Eitt av samarbeidstiltaka har vore å organisere kulturutveksling mellom ungdom i alderen 14 – 17 år. Ungdommen sitt kommunestyre i Luster (UK) gjer årleg vedtak om å prioritere kulturutveksling som del av sin aktivitetsplan. I USA er det tillitsvalde og medlemar av organisasjonen

«Sognefjordlaget i Amerika» som er engasjerte i å finna fram til aktuelle amerikanske ungdomar/familiar.

Dei som blir med bur i ein amerikansk familie med ungdom på same alder, og gjennomfører eitt eller fleire mindre prosjektoppgåver der borte i løpet av ca 14 dagar. Tema for dei einskilde prosjekta er slik forma at dei skal kunna presentert for ulike

målgruppe her i Luster etterpå. Tilsvarande for amerikanske ungdomar som kjem til Luster. Her er det naturleg at familien til den som fekk delta i USA vert verts familie, og at det nye «familiemedlemmet» vert teken vare på som ein av «alle» i verts- familien.

Noko av bakgrunnen for å arrangere kulturutveksling er dei historiske tilhøva med stor utvandring frå indre Sogn til dette området i vestre del av Wisconsin. Framleis er det familiar der borte som har slektsnamn frå bygdene i Luster, og interessa for å ta vare på den «norske» identiteten er framleis tilstades. For norske ungdomar er interessa for å få eit innblikk i det amerikanske samfunnet utanfor storbyane og å praktisere meir engelsk språk viktige grunnar. Grunna Corona-pandemien har Sognefjordlaget i Amerika prioritert å tilby sine ungdomar å delta på «norsk-kurs» i USA i 2021.

Kulturutveksling er noko som må planleggast i familiane på begge sider av Atlanteren i god tid på førehånd. For dei som kan tenkja seg å delta i 2022 er det smart å starte tanke-prosessen no og sende inn søknaden når den måtte vera klar ut på hausten, gjerne til 1. oktober.

Du finn søknadsskjema for deltaking under oppslaget på Luster kommune si heimeside, under: Kultur, idrett og fritid. Sjå: *Ung i Luster*.





*Over: Målararbeidet, overflatehandsaminga av bassengrommet er i gong. Limtre-dragarane vert slipte og påførte ein lys dekkfarge.  
Over t.h.: Søyler i bassengrommet slik dei såg ut før rehabiliteringa starta.  
T.v.: Arbeidet har sett synlege spor etter seg, og pr. medio mai har søylene vorte reparerte og fått ny farge.*



## Fjordstova på Skjolden

Vestland fylkeskommune har godkjent planen for rehabilitering av basseng, garderobar og etablering av overvakkingssystem. Anlegget som vart bygd i 1994 inneholdt symjeanlegg, garderobar, aktivitetssal, klatrevegg og innandørs skytebane som alle er bygde med finansiering fra spelemidlane.

Fjordstova har vore i bruk i om lag 25 år. Dette betyr at trangen for rehabilitering har meldt seg. Spesielt gjeld dette basseng- og garderobedelen som i sommarhalvåret er i dagleg bruk. I vinterhalvåret er det ope for publikum i tre dagar i veka. Naudsynleg vedlikehald har styrt eit system på og vert utført etter kvart som behovet melder seg.

Men i dette prosjektet inngår fleire av søylene i bassenget som har fått påviselege skader. Årsak og metode for reparasjon er vurdert av betongteknisk

fagperson. Trepanela på veggene skal skiftast. Laminerte bjelkar, ståldragarar og ventilasjonsrøyr blir overflatehandsama. Golvflisar og rister blir skifta, og lys og elektro blir rehabilert til i samsvar med dagens regelverk. Ventilasjonsanlegga er utdaterte og sentrale komponentar blir skifta. Avfuktningssanlegget for bassenget er viktig for miljøet i bassengrommet og skal rehabiliterast. VVS-installasjonane blir skifta ut, og badstovene skal rehabiliserast.

Det har til no ikkje vore kameraovervaking i bassenget på Fjordstova. I samband med rehabiliteringa av bassengrommet er det naturleg å installere denne teknologien for å auke tryggleiken til brukarane. Lustrababet har gode erfaringar då ein person i tillegg til badevaka har oversikt over aktiviteten i bassenget.

Asplan Viak AS har utført både arkitekt- og konsulentteneste i prosjektet frå hausten 2019, og som låg til grunn for den første spelemiddelsøknaden hausten 2019.

Oppstart byggeteknisk vurdering vart lagt til grunn for hovedprosjektet som starta våren 2020. Etter ein anbodsrunde mot slutten av året 2020, vart det inngått kontrakt med Tharaso, Sogndal som hovedentrepreneur. Selskapet har med seg Målarmeistar Edvin og Eilert Holme AS på måling og flisarbeidet, GK Inneklima AS med sideentreprise for VVS og Luster Energi AS har elektroentreprisen.

Vestland fylkeskommune har godkjent ei kostnadsramme på kr 9,111 mill. og med ei finansiering frå spelemidlane på kr 3,036 mill. Arbeidet vert ferdigstilt til fellesferien i juli månad 21.



*Steinhellene vert lagt på plass etter at takkonstruksjonane er antikvarisk utbetra.*

## Feigum mølle

Feigum, med bygningane Feigesagi, Smia, Uthuset, bolverkskaien og ikkje minst mølla er kulturminne etter ei stordomstid for denne grenda ved Lustrafjorden mellom Ornes og Skjolden. Men forfallet hadde teke om seg i eit omfang som sette djupe spor i bygningselementa.

God planlegging, prioritering av dei ulike anlegga og strukturert framdrift gjorde det mogleg å sluttføre utvendig restaurering av Feigum mølle no i vår. Solvorn Laft og Bygg har stått for det bygningsmessige arbeidet, og fullført eit handverksmessig arbeid som prega av flid, god tilpassing og god fagleg antikvarisk utføring.

Luster kommune har hatt høve til å fylge framdrifta i arbeidet og også dokumentert med produksjon av ein eigen video som i etterkant vert gjort tilgjengeleg. Dette også som eit forsøk på å stimulere andre i ein liknande situasjon til å «sjå lyset i tunnelen» når det gjeld kostnadar, eige arbeid og finansiering.

Det som også lover godt for framtida, og som syner den trauste og robuste byggje-tradisjonen, er takkonstruksjonen med naturstein. Dette, som bokstavleg tala utgjorde ein «overhengande» fare med steinheller opptil 300 kg pr. stk. er no forsterka og tett.

Dei større bygdemøllene, som mølla i «Feigao» er ein type kulturminne som det er svært få att av i fylket. Dei som er tekne vare på ser ut til å vera bygde etter 1900. Mølla på Feigum er truleg bygd i 1782, men restaurert på 1800-talet, og kan difor vera den eldste som er bevart i fylket. Dette gjer at verneverdiene er høg, og at det er grunn for å tenkje best mogleg bevaring av mølla for framtidige generasjonar. Når det gjeld taktekking med steinheller er det dei mest omfattande taka å leggje og reparere i arbeidskostnadar.

# Nye idrettsanlegg

## godkjende for spelemiddelfinansiering

Spelemidlar frå overskotet til Norsk Tipping er ei av fleire gunstige finansieringsordningar for kulturlivet. Luster kommune har utlysing av tilskotsordninga for finansiering av nærmiljøanlegg og ordinære idrettsanlegg med søknadsfrist 1. oktober. Tildeling vert formelt gjort frå Vestland fylkeskommune i juni året etter. I alt kom det 24 søknader i denne søknadsrunden. Av desse er 19 fornya søknader. Desse nye prosjekta er ferdighandsama av kommunen og godkjende av fylkeskommunen for finansiering:

### **Nærmiljøanlegg:** Søknadssum frå spelemidlane:

Hoppanlegg K10 på Sogn Skisenter, Hafslo	kr 370 000
Hoppanlegg K 19 på Sogn Skisenter, Hafslo	kr 600 000
Turstien Gamle-Galden, Hafslo – Solvorn	kr 153 000

### **Ordinære idrettsanlegg:** fra spelemidlane:

Fasilitet Skitog K45, Sogn Skisenter, Hafslo	kr 110 000
Rehabilitering Storatrekket, Sogn Skisenter	kr 560 000

Ventetida på tildelinga av spelemidlar er kalkulert til 4–5 år, noko som medfører at søkeren må fornya søknaden / søknadane sine årleg, og innan fristen til kommunen som er 1. oktober.

*Sogn Skisenter har omfattande planar med hoppbakkar K 10 og K 19 i tillegg til rehabilitering av Storatrekket.*



*Leiaren i Hafslo bygdelag, Olav Terje Hove, kunne stolt visa fram den ferdige Gapahuken ved Hafslovatnet den 21.12.2020. Dette anlegget blir ein viktig del av Naturmøteplassen ved Hafslovatnet saman med båhuset og UU-rampen for sjøsetjing av kano og kajakk for bruk av funksjonshemma og andre som kvier seg for å setja seg opp i ein kano.*

## Naturmøteplassen på Hafslo

Gjensidigestiftensen innvilga tidlegare i vinter søknaden frå Luster kommune med over 1 million kroner i tilskot til Naturmøteplassen ved Hafslovatnet. Naturmøteplassen er lokalisert mellom Hafslo barne- og ungdomsskule og Hafslovatnet. Føremålet er å få realisert ein universell tilrettelagt møteplass ved Hafslovatnet og med aktivitetar som ligg innanfor ordninga med spelemidlar.

Frå før er bygd: Klatrepark, 7'ar Ballbane med kunstgras, Sandvolleyballbane, Orienteringskart, delanlegg friidrett, Tennisbane og Gymsal. I tillegg er også bygd fem nærmiljøanlegg: utandørs Bordtennisbord, Streetbasket, Ballvegg, Hinderløype med lysanlegg og Akebakke

Denne naturmøteplassen vil no få desse nye anlegga: Hafslovatnet Gapahuk (opna hausten 2020), og Båthus/kajakknaust med UU-rampe for kano/kajakk. Rampen er eit «pilotprosjekt» for å gjera aktivitet med kano og kajakk meir tilgjengeleg for funksjonshemma brukarar.

Naturmøteplassen ved Hafslovatnet i Luster kommune er eit samarbeidsprosjekt mellom Hafslo Bygdelag, Hafslo idrettslag og Luster kommune. Partane er samde om å medverka økonomisk og ved dugnad i samsvar med ein samarbeidsavtale. Luster kommune står som søker om eksterne tilskot som spelemidlar. Hafslo i.l. står som søker og Hafslo bygdelag har driftsansvaret for Gapahuken. Desse prosjekta er også godkjende for finansiering av spelemidlane med til saman kr 1,235 mill.



# Kulturen i Naturen

## – Lustraidentitet på film

Prosjektet er initialisert som eit samarbeid mellom dei lokale, frivillige organisasjonane Hafslo sogelag, Folkeakademiet Luster og Luster kommune. Teamet, som arbeider fram kartlegging, prøvefilming av lokalitetar og det økonomiske grunnlaget for å finansiere heile eller delar av prosjektet, er sett saman av partane bak prosjektet Kulturen i Naturen. Styringsgruppe er sett saman av Mary Åsen (Folkeakademiet Luster), Svein Solheim (Hafslo sogelag), Odd Atle Stegegjerde og Erling Bjørnetun (Luster kommune).

Ideen er også å få fram naturgjevne kvalitetar som i det visuelle biletene og på sin særeigne måte er kopla til dei kulturelle verdiane som vert formidla. På denne måten har eit slikt prosjekt også fleire delmål: god marknadsføring, «underhaldning», identitets-bygging og som verktøy for læring. Kunnskapsformidlinga vil vera viktig på sin måte då både tradisjonar, historia og den forma formidlinga vert gjort på opnar opp for ei læring og forståing som ikkje er gjort tilgjengeleg før – i alle høve på film. Ideen vart til etter at medlemarar av teamet oppdagade ei stor interesse for historisk dokumentasjon presentert i ei enklare digital utgåve, og med oppdatert informasjon frå lokalhistorisk kunnige informantar.

Det er utarbeida materiale for fire av i alt ti prosjekt, og desse fire som er under produksjon no er: Engjadalsvegen, Restaureingsprosjektet Feigum mølle, Breisete – om stølskulturen i Vigdalen og Solvornstrondi. Planar er under utarbeiding for Munthehuset i Ytre Kroken, Wittgenstein i Skjolden og om utviklinga av samferdsela i Luster kommune.

Prosjektleiar, filmfotograf og teknisk regissør vil vera Karl Stefan Åberg. Han har til no også produsert fleire filmar for omsorgstenesta i kommunen. Planen er å få gjort filmane tilgjengelege på nettet via YouTube. Vestland fylkeskommune har støtta prosjektet med ei løyving på kr 300 000.



*Filmen om Engjadalsvegen skal formidle soga om den populære vegen opp frå Gaupne til Engjadalen. I seinare år er den også ført fram til Råum, opp til Brunestegen og fram til Navarsete. Skiltet i Vegaskilet seier også noko om den tydinga Engjadalen gjennom tidene har hatt for bygda Gaupne: «Ei god matbu for folk og fe i Gaupne». I dag er Engjadalsvegen også viktig for utfart både sommar og vinter, og som turutgangspunkt for merka turstiar i mellom Høyheimsvik og Mørkridsdalen / Vest Jotunheimen via Navarsete, Fivla og Viva.*

# LUSTRABADET

Covid-19 har utfordra oss alle, og alle gledar seg til ein meir normal kvardag. Lustrabadet vil fyrst å fremst rose alle som jobbar i helsesektoren for ein fantastisk jobb, innsats og stå-på vilje. De er fantastisk alle saman! Og så må me sei bra jobba alle lusteringar, for å ta pandemien på alvor, å fylge retningslinjene som regjeringa har satt, samt kommunale tiltak Luster kommune gjorde.

2020 var eit utfordrande år for Lustrabadet også. Me var stengt i 3 mnd før me fekk opna att. Sommaren vart fantastisk for vår del, og redda mykje. Besøksrekord i juli med 8025 besökande.

Heilt fantastisk! Slik prognosane for reiselivet til sommaren er, så ser det ut som at det skal bli ein ny god sommar for Lustrabadet og Luster kommune. Me kryssar i alle fall fingrar for det.

2021 starta litt slik som 2020 slutta. Fortsatt restriksjonar pga. Covid-19, og litt færre besökande enn håpa. Det byrja ta seg opp før påske, men så stengte regjeringa oss ned att.

Påskken 2021 heldt me stengt, veldig synd for oss då me såg været, men ikkje noko å gjere med. Me fekk opne att 16. april, noko me sjølvsagt var veldig glade



Innbygd badebutikk med skilt og lys.

for. Under den pålagte stenginga, så fekk me gjort mykje reinhold og vedlikehald av bygget. Det meste ser ein ikkje, men nokre av endringane me har gjort som ein tydeleg kan sjå er:

- Fjerna ventilasjonshytta i resepsjonen, satt inn 2 TV'ar der som viser menyen vår, samt prisane våre
- Bygd inn badebutikken vår, samt fått skilt og nytt lys der
- Fått skilt ved garderoba
- Bytta ut skiltkruane i bassengområda
- Bytta speglane i herre- og damegarderobane

Me gledar oss til sommaren og resten av året, og håpar på mange besökande!

*God sommar alle Lusteringar!*



I kommunestyret 17. juni vart det gjeve klarsignal til gratis sommarbading i Lustrabadet for skuleborn i Luster. Ordninga gjeld for elevar i lustraskulen frå 1.-10. trinn i tidsrommet fredag 18. juni kl. 15.00 til og med søndag 15. august. Skuleelevarne må visa fram stempla skulebevis for å kunna bada gratis. Det er den einskilde skule som deler ut bevisa. Ordninga med gratis sommarbading inneber ikkje nokon refusjon for elevar og familiar som eventuelt allereie har årskort i Lustrabadet.



2 TV'ar som viser meny og prisar.

# Plan for friluftslivets ferdsselsårer

Luster kommune fekk i år støtte frå Vestland fylkeskommune til å starte utarbeidingsa av ein plan for friluftslivets ferdsselsårer. Planen skal gje ei oversikt over viktige ferdsselsårer og turmål i kommunen, og den skal setje mål for korleis ferdsselsårene bør forvaltast og utviklast.

Organisasjonane i samarbeid med kommunen har allereie gjort eit godt arbeid med kartlegging, skilting og løypemerking for ferdsselsårer i fjellet. I denne planen ynskjer vi å ha eit større fokus på nærturar frå dei ulike bygdene og eventuelt frå reiselivsdestinasjonar. Viktige mål for planen blir då:

- Identifisere dei viktigaste ferdsselsårene sett i lys av folkehelsa.
- Vurdere korleis ein kan auke attraktiviteten på ferdsselsårer ved å sjå dei i samanheng med natur og kultur.
- Setje mål for forvaltning av ferdsselsårene i kommunen.

## Kan du hjelpe oss?

I 2021 er det oppstart av planarbeid og kartlegging vi har fått støtte til. Det er likevel framleis usikkert om det er kapasitet i kommuneadministrasjonen til å gjennomføre arbeidet. Me er heilt avhengig av samarbeid med frivillige organisasjonar og privatpersonar om vi skal få til god kartlegging. Vi er difor interessert i å få ei oversikt over kven som er villige til å bidra i kartleggingsarbeidet om det blir gjennomført. Dette vil dreie seg om å lokalisere og



*QR-kode til kontaktopplysingsskjema.*



beskrive nærturar i eit aktuelt område, anten gjennom fysiske møte eller digitalt.

Om du vil bidra så kan du fylle ut eit kontaktskjema, og så vil nokon frå planavdelinga kontakte deg i samband med arbeidet om det blir aktuelt. Skjema kan du komme til ved gå inn på kommunen si heimeside → skjema → Friluftslivskartlegging kontaktopplysingsskjema, eller ved å scanne QR-koden.



*Langs Engjadalselva i Gaupne går det ein fin turveg. 4H har sett opp ein lavo her ved badeplassen Hanaskeren.*

# Nytt frå planavdelinga:

## Områderegulering av Hafslø sentrum - plan-ID 2020004

Det har vore eit stort engasjement rundt denne planen og det kom inn knapt 60 innspel etter at det vart meldt oppstart av planarbeidet. I første omgang vert planprogrammet lagt fram for politisk godkjenning.

## Reguleringsplan for Gjerde plan-id 2013001

Planen omfattar sentrumsområdet med gangveg fram til vegen mot Krundalen. Planen har vore ute til ettersyn og det kom 8 merknader til planframleggelsen. I skrivande stund vert merknadane handsama med det mål å få lagt dei fram for 2. gongs handsaming før sommarferien. Dersom det vert gjort store/vesentlege endringar i plankartet eller føresegnerne må planen ut til nytt offentleg ettersyn.

## Parkeringsplass ved Tungestølen plan-id 2020008

Luster kommune har meldt oppstart av denne planen og det kom inn fem innspel til oppstartsvarselet. Planområdet ligg i aktsemndsområdet for flaum, skred og steinsprang. Eit aktsemndskart er potensielle fareområde. Det skal gjennomførast ei nærmere kartlegging av reell fare for dette planområdet slik at faren er dokumentert og avklart/teken omsyn til i komande planforslag. Kartlegginga skal gjennomførast av fagkunnig personell i sommar og planarbeidet er sett på vent til dette er gjennomført.

## Reguleringsplan Fonndøla-Hausamoen plan-id 2020011

Området er på ca. 312 daa. Midtdelen av området er tidlegare regulert i planen Jostedalen serverpark – Reiarmoen vedteken i 2012. Arealbruken i denne planen er i all hovudsak massetak og industri og Bluefjord har etablert seg her. No er Statnett i ferd med å etablere ny nettstasjon i området og dette medfører at mykje av grusressursane der Statnett skal etablere nettstasjonen vert teke ut og deponert slik at dei kan nyttast seinare.

Området har sikker straumforsyning. Hausamoen vert nytta som massedeponi og dette gir nesten byggeklar næringstomt som kan nyttast utan å gå laus på jomfrueleg mark. I nærområdet er det ikkje busetnad slik at ein unngår potensielle konfliktar i form av støy og liknande. I og med at det er konkludert med at planen må handsamast etter

forskrift om konsekvensutgreiing, så må det i tillegg til planprogram også utarbeidast ei konsekvensutgreiing som er tilpassa plansituasjonen.

Det er førebels vist til at følgjande må konsekvensutgreiast:

- Påverknad på landbruksfagelege tilhøve, då om lag halve planområdet er LNF-område. Det skal her understrekast at plan- og forvaltningsutvalet understreka i si handsaming av planprogrammet at planen må utarbeidast slik at landbruksareal kan nyttast til grasproduksjon fram til næringsetableringar tek tomtegrunn i bruk
- Trafikale forhold knytt til planen
- Klimapåverknad
- Naturfare – vert som ein del av ROS-vurderinga

Føremålet med planen er ikkje i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplanen, og kommunen har difor utarbeidd planprogram for planarbeidet. Planprogrammet vart handsama i plan- og forvaltningsutvalet i november 2020, og vart vedteke sendt til høyring saman med varsel om oppstart.

## Reguleringsplan for Bruflat-Grandmo Plan-id 2020006

Luster kommunestyre har i møte 15.04.2021 godkjent denne reguleringsplanen. Klagefristen var 16. mai.

## Reguleringsplan Bruflat bustadfelt med Øyagata plan-id 2020007

Det vart meldt oppstart av denne planen som er på ca. 80 daa sommaren 2020. Føremålet med reguleringa er eit behov for betre trafikktryggleik for gåande og syklande omkring Øyagata. Planarbeidet vil innebere ei oppgradering av Øyagata med etablering av langsgående fortau. Samstundes vil planen gå langs Gardavegen opp til barnehagen, slik at dette arealet vert sett i samanheng. Barnehagen og naboeigedommen 82/14 er teke inn i planen med føremål å vurdere løsing for utviding av barnehagen. Kommunen vil i samband med planarbeidet revidere gjeldande reguleringsplanar i området og tilpassa plankart og planføresegner til dagens situasjon, revidere føresegner og utarbeide ROS-analyse som eit resultat av nye flaumkart for Gaupne. Luster kommune håpar å kunne presentere eit planutkast hausten 2021.

## Utviding av byggefeltet Lundshaugen på Indre-Hafslo

Luster kommune har i lengre tid prøvd å finne høveleg utvidingsareal for Lundshaugen på Indre Hafslo. Plan- og forvaltningsutvalet vedtok i møte 08.04.2021 å starte reguleringsarbeid for eit mindre område nord for Ekrevegen. Her kan det bli plass til 3-4 bustadomter. Arbeidet med reguleringsplanen er enno ikkje starta opp (mai 2021).

## Nye, private reguleringsplanar

Det er meldt oppstart av plan for Hafslotun plan-id 2021001. Området på ca. 47 daa er i kommuneplanen-arealdelen sett av til fritids- og turistføremål. Samla er det på ca. 47 daa. Dagens bruk på eigedomane er privat tenesteyting. Det betyr at bruken ikkje er i samsvar med kommuneplanen. Det er eit ynske at planområdet vert omregulert til det det vert nytta som – privat tenesteyting. Plan for Verdsarvssenter Ornes plan-id 2020001 har vore ute til offentleg ettersyn. Hovudintensjonen til reguleringsplanen er å klargjere tomt for bygging av besøkscenter samt klargjere noko av infrastruktursituasjonen knytt til senteret.

## Kommunedelplan trafikktrygging

Det kom heile 35 innspel etter at det vart meldt oppstart av arbeidet med å revidere denne planen. Innspela gjeld store deler av kommunen og er alt frå mindre tiltak som gjeld rydding av busker og kratt til store tiltak på fylkesveg 55 og andre fylkesvegar. Alle innspela vil verta vurdert og tiltak som Luster kommune ser på som aktuelle trafikktryggingstiltak vil verta innarbeida i planen. Nokre av tiltaka krev regulerering. Planen er todelt med ein hovudplan og ein handlingsplan. Nytt i denne planen er at dei mest aktuelle tiltaka vil komme på ei prioriteringsliste i handlingsplanen. Planen vil også gi ei oversikt over tiltak som er utført etter førre revidering av planen. Planen vert lagt fram for 1. gongs handsaming til hausten og etterpå ut til offentleg ettersyn.

### Trafikktrygging:

*Planen vil prioritere tiltak som gjeld skuleveg og trygge nærturar i sentrumsnære område.*



Avgrensinga av buffersone Urnes verdsarvområde.

## Kommunedelplan for buffersone

### Urnes verdsarvområde

Luster kommune er i gong med arbeidet med å fastsetja ei formell buffersone kring Verdsarvområdet Urnes stavkyrkje. Bakgrunn for planarbeidet er innskrivinga av Urnes stavkyrkje på UNESCO si verdsarvliste i 1979, og gjennom verdsarvkonvensjonen har Noreg forplikta seg til å fastsetja ei buffersone kring alle verdsarvområda.

Føremålet med planen er å ta vare på omkringliggjande område til Urnes stavkyrkje slik at verdsarverdiane vert opprettholdt. Leggja til rette for ei forvalting og utvikling av verdsarvområdet slik at lokalsamfunn og lokalt næringsliv tek eigarskap til verdsarverdiane. Leggja til rette for og støtta opp om tiltak og aktivitetar som er med å fremja verdsarverdiane.

Målet med ei buffersone er å unngå at det vert sett i verk tiltak utanfor verdsarvområdet som kan ha negativ verknad på sjølve verdsarverdiane. Med dette meiner ein store synlege tiltak som kan verka dominerande i landskapet. Plangrensa er sett med utgangspunkt i det som er definert som «Tilhøyrande verdiar for verdsarven Urnes stavkyrkje». Målet er at planen skal vera klar til å leggjast ut til høyring etter sommaren.

## Gjeld alle reguleringsplanar og andre planar der kommunen ynskjer medverknad

Informasjon om alle vedtekne planar og planar under arbeid der det er ynskje om og høve til medverknad frå innbyggjarane finn du på kommunen si heimeside under Planar. Går du vidare til Planar under arbeid finn du ei oversikt over alle planane i tabellform.

*Ordsky som er  
sett saman av  
foreløpige innspel  
på spørsmålet:  
Kva aktivitetstilbod  
saknar du mest i  
Luster?*



# Ny samfunnsplan

Luster kommune utarbeidet ny kommuneplan. Planen består av to delar, ein samfunnsdel og ein arealdel. No er det samfunnsdelen som er i fokus, og den vil leggje grunnlaget for revisjon av arealdelen ut mot neste kommunestyreperiode.

Samfunnssdelen skal være eit verktøy som samordnar dei kommunale einingane, og den skal gi styringa av kommunen ei retning med utgangspunkt i langsiktige vurderingar og politiske føringar. Planprosessen skal også gi innbyggjarane høve til å påverke utviklinga i kommunen.

I åra som kjem vil blant anna aldringa i befolkninga, klimaomstillinga og digitalisering prege samfunnsutviklinga. Om vi i dag evner å sjå løysninga og høve der dei finns, kan det ha mykje å sei for framtidas Lustringar. Dette handlar ikkje berre om kva kommunen skal gjere på eigenhand, men også korleis kommunen kan leggje til rette for at Lustrasamfunnet og organisasjonane klarar å skape.

Korleis kan vi leggje til rette for at dei eldre kan halde seg fysisk og sosialt aktive, noko som på sikt vil førebygge helseplagar og demens? Korleis bør vi leggje til rette for ei reiselivsnæring som kan forsvarast både økonomisk og miljømessig? Gjennom arbeidet med samfunnsdelen skal kommunen drøfte slike problemstillingar, og forhåpentlegvis vil det bidra til at ein får til godt gjennomtenkte løysningar på sikt. Sjølve plandokumentet vil innehalde mål og strategiar for å oppnå ønska utvikling.

I samband med samfunnssdelen har vi til no fått innspel direkte frå ulike organisasjonar og privatpersonar, vi har gjennomført ein del dialogmøte, og vi har lagt ut eit innspelsskjema på nett for å gjere det enkelt å sei si meining. Det har kome mange gode innspel som vil leggjast til grunn for planarbeidet. Om ein skal trekke generelle meininger ut frå alle innspela som har kome til no, går det fram at:

- Eldre bør ha tilgang til sentrumsnære sosiale bustadløysning for framtida. Gjerne i tun med kort avstand til butikk, kafé osv.

- Naturen og høva for å drive friluftsliv blir trekt fram av svært mange som ein viktig grunn til at dei trivst i Luster, og det er ynskje om betre tilbod når det gjeld nærturar.
  - Mange peiker på at det manglar gode aktivitetstilbod for ungdom som ikkje driv med idrett, og det er fleire gode forslag til kva som må gjerast
  - Fleire peiker på at dei ynskjer at bygdene hadde betre samhandling seg imellom.
  - Mange trekker fram betre høve for elbillading som eit klimatiltak kommunen bør satse meir på.
  - Kafé, fleirbrukshus og sentrumsnære turstiar blir trekt fram som dei viktigaste potensielle møteplassane mellom eldre og yngre. I tillegg er det mange som nemnar pub, kino, og generelt mange typar «uformelle» møteplassar.

Det er framleis høve å sei si meining og delta i planarbeidet. I tillegg til dei dialogmøta som er gjennomført vil det bli lagt opp til dialogmøte med næringsliv og bondelag etter sommaren. Som privatperson kan du også sende epost til [postmottak@luster.kommune.no](mailto:postmottak@luster.kommune.no) med ditt innspel, eller du kan gå inn på kommunen sin heimeside, scroll ned til «kunngjeringar og høyringar» og trykke på «Kom med innspel til Luster kommune sin samfunnsplan» kor du finn ei lenke til innspelskjema. Innspelsskjemaet vil være tilgjengeleg i 2 veker etter at Lustranytt er sendt ut. Det vil også være høve til å komme med innspel til planutkastet når det blir lagt ut til offentleg ettersyn.

*For dei teknologisk drevne er det mogleg  
å scanne denne QR koden for å få opp  
ein lenke til innspelsskjemaet som ein kan  
svare på med mobilen.*





# Kommunedelplan naturmangfald

15. april i år varsla Luster kommune oppstart av kommunedelplan for naturmangfald. Naturmangfaldet omfattar alt levande i naturen inkludert den genetiske variasjonen innan ein og same art. Genetisk variasjon er viktig for oss. Alle artane er meir eller mindre avhengige av kvarandre for å eksistere.

I 2020 vedtok Luster kommune ein kommunal planstrategi. Naturmangfald er ein viktig del av denne planstrategien. Dei største miljøutfordringane er knytt til klimaendringar, overforbruk av naturressursar og tap av biologisk mangfald. Planstrategien legg opp til at det skal utarbeidast ein kommunedelplan for naturmangfald. Luster kommune har søkt om tilskot til å få utarbeida ein slik plan fyrst i 2020 utan å få tilslag, men me fekk støtte i 2021.

## Naturmangfaldet er viktig

Dei ulike artane i naturen har ulike oppgåver. Plantesлага me dyrkar som mat og husdyra våre er alle avhengig av naturmangfaldet. Små dyr og organismar omdannar og bryt ned planterestar til matjord slik at me får mat på bordet. Bier fraktar pollén frå ein blom til ein anna og gir oss eple å eta. Nokon artar og økosystem held godt jord i skråningar slik at dei hindrar utrasing, nokon økosystem kan halda på mykje vatn slik at store og plutselege nedbørsmengder gjer mindre skade. Genetisk variasjon er også viktig.

Tenk berre på arten tomat. Dei varierer frå gule til knallraude, frå bitte små, sòte cherrytomater til svære bifftomater. Stor aldersvariasjonen i områda rundt oss er også viktig. Dersom alle tre i skogen er av same art og like gamle vil dette gi mindre bær, sopp, insekt

og mat til beitedyr. Når heile skogen er hogstmoden samtidig vil dette virka inn på klimaet i nærområdet og lettare føre til at vatn kan grave og gjera skade. Også i kulturlandskapet er me avhengig av å ha eit godt naturmangfald. Attgroing og einsarta kulturar gjødsla med kunstgjødsel vil minska naturmangfaldet.

## Målet med vår plan

Luster kommune skal ta vere på naturmangfaldet i kommunen gjennom bærekraftig bruk og vern. Naturen og naturmangfaldet er livsgrunnlaget vårt og gir også grunnlag for betre helse og trivsel. Naturverdiane og naturmangfaldet må i stortest mogleg grad takast vare på til glede og nytte for innbyggjarane i kommunen i dag og for framtidige generasjonar. Tapt natur og naturmangfald kan vanskeleg erstattast.

Det er viktig å ta vere på område som er spesielle for oss i Luster, det kan vera naturtypar som me har lite av i kommunen og naturområde med stort naturmangfald som er lokalt viktige, som ligg nær skular, der mange går tur eller som er trua av utbygging. Ofte er det små grep som skal til for å bevare og auke naturmangfaldet i sentrumsnære grøne område. Det er eit hovudmål at arbeidet med naturmangfaldet i kommunen skal verte lokalt forankra. Planen skal ha ein handlingsplan med prioriterte tiltak i planperioden.

Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan. Dette sikrar eit utvida grunnlag for medverknad og ein større grad av forankring politisk og administrativt. Den vil saman med andre kommuneplanar verta eit overordna styringsverktøy i kommunen. Me håpar

planarbeidet vil skapa engasjement, og at planen kan bidra til å styrke interessa for naturmangfold i Luster kommune.

### Me treng di hjelp!

Eksisterande kunnskap må samlast og aktuelle område må vurderast og rangerast ut frå kriterier definert i planen. Me oppfordrar deg som innbyggjar i kommunen til å sjå på naturmangfaldet som ein viktig ressurs for framtida. Kom gjerne med innspel



til viktige naturområde som bør takast vare på for framtida. Sjølv om innspelsfristen til planen og planprogrammet gjekk ut 30. mai, er dette ein plan som det vil ta tid å utarbeide slik at det er råd å komme med innspel også noko seinare i prosessen.

I Norge er det i dag registrert ca. 44.000 ulike arter. Alle artane vert registrert i [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) som er ein kunnskapsbank for naturmangfold. Kven som helst kan legge inn sine funn der. I Luster kommune har me i skrivande stund over 37.000 ulike registreringar av i overkant av 5.000 ulike arter. Truleg har me langt fleire arter i denne store og varierte kommunen vår som går frå fjord til fjell, så det er nok mange arter som enno ikkje er registrert. Dette må me gjera noko med! Det er utvikla ein app, artsorakelet, som kan lastast ned til smarttelefonen din. Ta bilde(r) av arten du har funne og få hjelp til å finne namnet på arten. Frå appen kan du legge funnet ditt direkte inn i artsdatabanken. Du kan også legge inn funn utan bilde eller du kan registrere funnet ditt frå ei datamaskin. Dersom du leiter etter en spesiell art kan du også gå inn på artskartet og sjå om det er gjort registreringar av denne arten tidlegare og kvar desse registreringane i så fall er gjort.

## Dagsenteret for heimebuande med demenssjukdom

Dagsenteret er eit aktivitetstilbod for heimebuande personar med demensdiagnose. Me held til på Hafslo omsorgssenter. Målet er å gjøre dagen meiningsfull og førebygge vidare utvikling/forverring av sjukdommen. Dette er eit flott tilbod som me ynskjer at flest mogeleg skal få ta del i. Me ynskjer å drive med aktivitetar som gjenspeglar brukarane sine interesser.

Aktivitetane er lagt opp slik at brukarane føler meistring og glede. Kvar dag trenar me til lystig musikk, me lagar mat og et eit koseleg måltid saman. Elles er aktivitetane varierte. Nokre gonger lagar me tennbrikettar og strikkar. Me les i avisar eller bøker, løysr kryssord og gjer andre hobbyaktivitetar. Latteren er smittsam og me har det veldig kjekt saman.

Når koronaen gir seg vil me igjen gå på kafé, og reise på turar rundt om i distriktet. Utgiftene til kafébesøk og andre kjekke utflykter, dekkar me ved å lage fine produkt som me sel. Desse gavekassane lagar me til jul og påske. Dei vert stilt ut på eit bord i glashuset ved hovudinngangen på Hafslo omsorgssenter like før jul og påske. Alle er velkomne til å handle hjå oss ☺

Jule- og påskekassane innehold mellom anna sitjeunderlag og dekorerte lys som me lagar på dagsenteret. Ein anna ting me lagar og set ut for sal er tennbrikettar. Desse kan ein kjøpa heile vinteren, og dei er svært gode og veldig populære.

For å kunne lage tennbrikettar treng me mykle stearin og avisar. Me tek difor i mot stearinlys/stubbar og Sogn avis med jubelrop heile året. (Me er ikkje så begeistra for reklameavisar fordi dei brenn ikkje så godt). For dei som ikkje kan leve stearinlys/stubbane på omsorgssenteret, står det ei øsje ved minibanken i Hafslo sentrum.

*Påskeutsal på dagsenteret.*





*Høyheimsvik, feltet vender mot sør-aust, har fantastisk utsikt over Lustrafjorden og Feigefossen, og har mykje sol heile året.*

Kommunen merkar seg ein flott auke i etterspurnaden av tomter. Etter litt stillstand har tomtesalet i bustadfeltet Beheim 2 på Hafslo teke seg opp. Fram til no har kommunen selt 5 tomtar i feltet og dette er svært gledeleg. Feltet ligg flott til ca. 225 m over havet med utsyn over Hafslo sentrum og Hafslovatnet. Feltet vender mot sør-aust og har mykje sol heile året.

Det er selt 2 tomtar i bustadfeltet Borhaug i Solvorn. No er det att berre 4 tomtar i feltet som ligg

fint til ca. 80 m over havet med utsyn over Solvorn, Solvornbukti, Lustrafjorden og Urnes. I Høyheimsvik står det no att berre 1 tomt. Feltet vender mot sør-aust, har fantastisk utsikt over Lustrafjorden og Feigefossen og har mykje sol heile året.

Om du kan tenkje deg å etablere deg andre stadar i kommunen har vi ledige byggeklare tomtar i felta Kvitevollen og Bringebakkane i Luster, Verket 2 i Gaupne, Haugåsen i Jostedal og Drægni i Fortun.

## Ombygging av kommunestyresalen i 2020

Det er vel 50 år sidan Rådhuset vart bygd. Tida var no inne for ei oppgradering. I planlegginga av arbeidet vart det lagt vekt på å etablera ei fastare møblering med omsyn til hovudfunksjonane kommunestyre- og formannskapsmøte. Eit sentralt grep var å snu hovudoppstillinga 90°, og montera skjermar på langveggen. Nytt anlegg for ljod og biletet vart inkludert i prosjektet, ikkje minst med tanke på gjennomføring av digitale møte.

For å få gode framtidsretta løysingar var det også nødvendig å oppgradera ventilasjon og el-opplegg. Langveggen vart kledd med bjørkefiner mellom anna for å gje plass til tekniske installasjonar. For samstundes å ta best mogleg vare på bygningshistorie og sær preg er dei tre andre veggane uendra. Teglsteinsveggane er i tillegg markert med ljospunkt.

### Tenesteytarar som er nytta i prosjektet:

*Planlegging:*  
Arkitekt/interiørarkitekt: Arkitektkontoret Erling Haugen AS  
Tekniske fag: Norconsult AS

#### *Utføring:*

Tømrar- og målararbeid: Luster kommune v/Olav Bruheim, William Vigdal og Arne Vigdal.  
Kjerneboring for el-installasjon og gjenmuring av opningar i teglsteinsvegg: Tor Hauge  
Elektroinstallasjon: Holen Installasjon AS  
AV-installasjon: Josvanger Elektro i samarbeid med Scandec AS  
Ventilasjon: GK-inneklima AS  
Golvlegging: Øvrebø Fargehandel AS  
Spesialinnreiing: Sognatre AS  
Møbelleveranse: Kontorsenteret AS

*Kommune-  
styresalen  
etter  
ombygging.*



Med jamne mellomrom får me telefonar med spørsmål som «Eg skal byggje på fjøsen og er på jakt etter teikningane frå då den vart bygd i 1982», eller «Eg er på jakt etter dokumentasjonen på bygginga av skogsvegen som far min fekk løyve til på 70-talet. Kan de hjelpa?». Nokre gonger er det sakshandsamaren som treng sjå dei tidlegare sakene for å kunne handsama nye søknader i same området. Då leitar arkivtenesta gjennom papirarkiva våre for å finna dokumenta det blir spurt om. For å gjera dette arbeidet lettare har me starta eit stort prosjekt med å digitalisera nokre av papirarkiva våre.

Hausten 2020 lyste me ut prosjektet og det var det danske selskapet Dansk Scanning AS som fekk oppdraget. I februar 2021 vart byggesaksarkivet og landbruksarkivet for perioden 1964 til 2016 pakka og sendt til Danmark for å bli skanna og registrert. Planen er at me også skal få digitalisera fleire arkiv slik at dokumenta blir lettare tilgjengeleg. Etter skanning



*Arkivleiar Marit Kvalen pakkar byggesaksarkivet.*

# Digitalisering av arkiv gjer informasjonen lettare tilgjengeleg



*56 hyllemeter arkiv vart pakka og henta med spesialbygd lastebil.*

skal Dansk Scanning AS pakka arkiva og levera dei til depot ved Kommunearkivordninga i Vestland på Leikanger, der dei blir tatt godt vare på.

Slik digitalisering har fleire store fordeler. Det blir lettare for arkivtenesta og sakshandsamarane å finna dokumenta, og me er ikkje avhengig av å venta på saksmappa om den er i bruk av andre. Digitale dokument er det fleire som kan bruka på same tid, og det er lettare å dela informasjonen med andre. Når papirarkiva er levert til depot vil det også frigje mykje plass, og me slepp bruka ressursar på tilsyn og kontroll av papirarkiva. Det er strenge reglar for korleis papirarkiv skal oppbevarast trygt for å sikra at dei ikkje blir skada eller for at uvedkomande ikkje skal få tilgang til sensitiv informasjon. Ved å digitalisera arkivet er dette mykje lettare å styra.

På sikt er planen at også publikum enklare skal få tilgang til dei digitaliserte byggesak- og landbruksarkiva, slik at du lett kan søka opp dokumentasjon på din eigedom. Målet er også at det skal bli lettare for firma å bestilla dokumentasjon dei treng. Me jobbar no med å finna ei god løysing og håpar å kunna få presentera dette i løpet av vinteren 2021/2022. Fram til du sjølv kan søka i arkiva er det berre å ta kontakt med oss slik som før, so hjelper me deg gjerne.

# Ny transformatorstasjon i Fortun



**I 1959 ble Skagen kraftverk bygget i Fortun. Kraftverket forsynte Hydro sitt smelteverk i Årdal. Til å begynne med ble strømnettet i Indre Sogn drevet som et separat nett. I 1970 ble nettet tilkoblet samkjøringsnettet da 300 kV-ledningen Leirdøla – Fortun ble satt i drift med 300/120 kV transformering i Fortun.**

Fortun stasjon er viktig for kraftproduksjon og industri i Indre Sogn. Totalt forbruk under Fortun er i størrelsesorden 420 – 450 MW, mens installert produksjon er ca. 850 MW. Det foreligger planer om ny produksjon i området som det ikke er kapasitet til i dagens anlegg.

Dagens anlegg i Fortun er i ferd med å nå sin tekniske levealder, og det har begrenset funksjonalitet. Statnett planlegger derfor å bygge ny stasjon som blant annet gir mer fleksibel drift og forbedret forsyningssikkerhet.

Ny stasjon planlegges nær eksisterende stasjon ved Jamnene vest for Fortunelva.

Dagens transmisjonsnett i Indre Sogn har et spenningsnivå på 300 kV (1 kV = 1.000 volt, mao 300 kV = 300 000 volt). Statnett har besluttet at ved reinvesteringer skal spenningen økes til den nye standardspenningen på 420 kV hvis mulig. Dermed vil nye Fortun, som i vårt andre stasjonsprosjekt i Luster kommune, Leirdøla transformatorstasjon, også være forberedt for 420 kV.

Den nye stasjonen omfatter 300 (420) og 132 kV koblingsanlegg, to 300 MVA transformatorer, utvidelse av eksisterende 132 kV-anlegg med ett felt, kontrollhus, ny innføring av Leirdøla-ledningen, samt ny tilkomst inkludert ny bru over Fortunelva. Tilkobling til eksisterende Fortun med to 132 kV-forbindelser. Det legges til rette for at ny stasjon kan utvides i fremtiden dersom det er nødvendig for utviklingen av strømnettet i området.

Mer informasjon om prosjektet og fremdriften finns på [www.Statnett.no](http://www.Statnett.no)

## Fakta om prosjektet

- Spenningsnivå: 300 / 120 kV. 300 kV-anlegget bygges for 420 kV
- Antall bryterfelt: 3 stk 300 kV-felt (420 kV-felt), 2 stk forenklede 132 kV bryterfelt i ny stasjon, utvidelse av eksisterende koblingsanlegg (Skagen) med 1 stk 132 kV felt
- Areal: ca 21 dekar
- Hva skal gjøres: Bygge ny 300 (420) / 132 kV transformatorstasjon
- Status: Planlegges
- Planlagt byggstart: Q1 2023
- Planlagt ferdigstillelse: Q2 2025
- Estimert kostnadsramme: 350 – 405 millioner kroner

Prosjektet er i tidlig fase. Det kan komme endringer i løsninger, omfang, kostnader, fremdrift m.v. Konsesjonssøknaden planlegges sendt til NVE i 2021

# Ved frå ATS

ATS forsyner kundane i Indre Sogn med førsteklasses kortreist ved av bjørk og furu, og produksjonen går føre seg gjennom heile året. Sals-sesongen ved ATS strekkjer seg frå august eit år til og med juli neste år, og veden som vert seld i denne perioden er som regel kappa og kløyvd før sommaren. Dette må til for å sikra at fukt-innhaldet skal vera under den fastsette grensa på 20%.



*Veden som skal pakkast i 60-liter sekker må ha nøyaktig lengde. Jonas korrigerer lengda på vedkubar som har blitt for lange under kappinga på vedmaskina.*



*All veden vert pakka rundt dei store pakkekassane i produksjonshallen. Her er Tor Stian England, Kristian Flatland og Sølv Ann Menes i ferd med kløyving og pakking.*



*Anita Midtun handterer dei største stokkane som skal inn i vedmaskina med talje og tømmerklo.*

# Grøntarbeid og hagestell

Treng du hjelp til grønt-arbeidet i hagen din kan slåttekarane ved ATS hjelpe deg med det. ATS tilbyr plenslått, rydding i hage og transport. Dette er eit arbeid dei har drive med gjennom mange år, og noko dei har solid erfaring på. Sommaren 2020 hadde grønt-gjengen på ATS ansvar for 18-20 private hagar i tillegg til arealet på Idrettsbanene i Gaupne, hjå Statkraft og Luster Energi. Dei utfører også mange einskildoppdrag gjennom sommarsesongen.

Ringjer du ATS og spør etter Kjetil eller Anita M kan dei gje svar på spørsmål du måtte ha, og eventuelt gje deg eit tilbod.



*To av slåttekarane, Lars Magnar Stegegjerde og Kristian Flatland på veg attende til ATS etter fullført oppdrag på Statkraft i Gaupne.*

*John har mange ulike oppgåver ved ATS. Her gjer han plenslåtten i «bakhagen» ved ATS.*



# Film og dronefoto

Treng du hjelp til eit lite filmoppdrag? Har du ønskje om å filma noko som krev dronefoto?

Stefan Åberg har teke sertifikat som dronepilot. Med dronesertifikatet A2 i lommen kan han no utføra kommersielle oppdrag. Sertifikatet vil mellom anna koma til nytte i dei ulike filmprosjekta knytta til Kulturen i naturen. I tillegg kan han ta oppdrag for verksemder og privatpersonar som ønskjer hjelp til små filmoppdrag, dronefilming etc.



*Det er strenge reglar knytt til flyging av drone. Her viser Stefan Åberg fram drona, saman med drone-sertifikatet som han tok ved Trafikkstasjonen i Sogndal.*

# Ønskjer du å prøva el-sykkel?

El-sykkel er eit godt alternativ til vanleg tråsykkel. Med el-sykkelen kjem du deg lettare opp bakkane og lengre av stad. Ved ATS kan du leiga bysyklar, hybridsyklar, off-roadarar og lastesyklar. Til saman har dei 12 syklar til utleige, og prisen er rimeleg: Første veka betalar du 200,-. Ønskjer du å utvida leigetida kostar det deg kr. 100,- pr veke.



*Tommy Atterås jobbar ma. med utleige, service og reparasjonar av el-syklane. Her viser han fram dei to lastesyklane der du kan få med deg 2 born eller inntil 60-70 kilo last.*



*Leiar Odd Atle Stegegjerdet med tre av sykkeltypene ATS leiger ut: frå venstre offroad, bysykkel og hybrid.*

I dei periodane det er stor etterspørsel etter syklane må me avgrensa leigetida, - kanskje kan du då leiga ein av dei andre syklane for å få eit breiare inntrykk. Formålet med dette elsykkel-prosjektet er at leagetakarane skal få danna seg eit inntrykk av kva ein el-sykkel er for noko, for seinare å kunna gå til innkjøp av eigen el-sykkel.

Ta kontakt med Tommy, Odd Atle eller nokon av dei andre på ATS på telefon 57685735.

Nye lustringar:


# Annika og Andreas

## Fortel litt om dykk sjølv:

– Vi er Annika (33) og Andreas (39) med barna Alva (7), Esther (4) og Albert (2). I 2016 ble vi bergetatt av vakre Norge og flyttet etter flere opphold endelig til Lurøy på Helgelandskysten i 2019. Vi er begge utdannet leger i Danmark, men tilsammen kun halvt danske da Andreas er halvt amerikansk og Annika er halvt svensk. Vi er opptatt av opplevelser i naturen og liker å gå på tur i fjellet både på føttene og på ski, og å sanke sopp og planter, og dra på fiske- og sykkelturer. Vi liker også gammel kultur og historie, kunst og musikk.

## Kvifor kom de til Luster?

– I Lurøy jobbet Andreas som kommuneoverlege og fastlege og Annika på sykehuset i Sandnessjøen. Det var veldig lange arbeidsdager for Andreas og lang pendling for Annika. Vi ønsket derfor mer tid sammen som familie. Vi hadde mange overveielser om vi skulle bli i Norge eller flytte tilbake til Danmark, men vi måtte bare gi vakre Norge en sjanse til. For oss passet Luster helt perfekt inn i hva vi ønsker oss, og egentlig har vi fortsatt litt vansker med helt å skjonne, at vi er havnet på så fin en plass. Vi fikk et veldig godt inntrykk av kommunen sin organisasjon og tilbud til innbyggerne og opplevde, at det er god kontroll og mye hjerterom. Det er både trygt å tenke på som innbygger i kommunen, men betyr også veldig mye at være en del av et godt team på jobb at en har god mulighet til å yte god



flotte fjorden, fjell, skitrekk, flotte skoler og barnehager, Lustrabadet og samtidig er det ikke så langt fra familien vår i Danmark.

## Kva er det beste med å bu i Luster?

– Det beste med på bo i Luster er alle de flotte folk og de mange unger og fjord og fjell.

## Kva kan Luster bli betre på?

– Vansklig spørsmål. Så langt er vi veldig fornøyde.



Nye lustringar:

# Vilde og Iver

## Fortel litt om dykk sjølve:

### Vilde Årbogen:

– Eg kjem frå Åfjord i Trøndelag. Er utdanna trafikklærar og har jobba hos Fosen Trafikkskole før, men var så heldig og fekk meg jobb hjå Hofslundsengen Trafikkskule då me flytta hit i desember. Tek fortida bachelor i trafikkpedagogikk og trafikksikkerhet på deltid ved sidan av jobb. Ta kontakt om du treng køyretime!

### Iver Myklemyr:

– Eg kjem frå Myklemyr i Jostedalen. Er utdanna Energimontør og Energioperatør og driv no og tek Fagskule på deltid. Jobba først hjå Statkraft her i Gaupne før eg flytta til Åfjord på Fosen i 2017 der eg også jobba hjå Statkraft. Me likar begge å reise



på turar både til lands og til vanns. Me ser fram til å komme oss ut med båten på fjorden i sommar. No som me har flytta hit håpar me på å få tatt litt meir turar i området då me ikkje alltid har hatt så god til det i feriane. Me ser fram til at samfunnet opnar meir opp, slik at det blir moglegheit også for Vilde å bli meir kjent med folk i området. Me trivst godt ein pubkveld på Jostedal hotell og i sosiale sammenkomstar.

## Kvifor kom de til Luster Kommune?

– Me hadde vore litt inne på tanken om å flytte heim til Luster ei lita stund, då Vilde også treivst her når me har våre på ferie og besøk. Har også hatt planar på sikt om å ta over garden med sau på Myklemyr. Flyttinga heim blei fort blei realitet då Iver fekk tilbod om jobb hjå Luster Energiverk. Me bestemte oss for å nytte moglegheita til å flytte hit. Vilde tok då kontakt med Hofslundsengen Trafikkskule for å høre om dei trong folk noko som dei gjorde. Då fekk begge ordna seg jobb og me flytta inn i kårhuset på garden på Myklemyr.

Nye lustringar:

# Ida og Lars

## Fortel litt om dykk sjølve:

– Lars og Ida. 36 og 32 år gamle. Lars opprinneleg frå Øystese i Hardanger og Ida frå Bergen. Har ein hund som heiter Max. Me er interesserte i friluftsliv: Ski, sykkel, jakt, fiske og hest.

## Kvifor flytta de til Luster kommune?

– Me flytta frå Sogndal til Luster då me fann eit koseleg hus med litt betre plass rundt oss, både innan- og utandørs. Flott utsyn

mot Hafslvatnet, bygda og fjella rundt.

Kva er best med å bu i Luster? Me vil sei nærleik til naturen. Frisk luft. Stilt og fredeleg.

## Kva kan Luster kommune bli betre på?

– Me har ikkje budd her lenge nok til at me har noko å setta fingeren på, men alle kommunar har vel forbettingspotensiale.


## Kva er best med å bu i Luster?

– Me flytta til Jostedalen i desember og trivst godt med å bu her i Jostedalen med nærleik til flott natur og gode tur moglegheiter. Likar at det er mykje aktivitet her. Me trivst godt i Luster.

## Kva kan Luster bli betre på?

– Me kan ikkje komme på så mykje å svare her. Men håpar Luster klarar å halde oppe aktivitetar og liv i bygdene også i tida framover. Noko som gjer det attraktivt å komme hit og å busette seg her.

# Ikkje kjøp sommarferien med kredittkort



Sommaren nærmar seg med stormskritt, og kanskje fortener me meir enn nokon gong ein fin ferie med «det lille ekstra». Men til ein kvar pris? Ettersom Korona-pandemien plutselig varte mykje lengre enn ein fyrst trudde. Kva risiko står ein eigentleg ovanfor ved bruk av kredittkort? I denne artikkelen vil me råda deg som ønskjer eit «plaster på såret» denne sommaren, koste kva det koste vil, å stoppa opp og tenkje deg om to gonger.

Bakgrunnen for denne artikkelen er den omfattande heilomvendinga dei fleste måtte ta då Korona-viruset oppstod i mars 2020. Fleire har vore permittert over lengre tid, barn er understimulert på sosial aktivitet og private helsemessige plikter blir utsette grunna trøng økonomi. For mange har dette vore ei følelseslada berg- og dalbane, og ser seg difor fortent til å bruka litt ekstra pengar no som kvardagen kan vera ekstra

tung. Fleire har gått til innkjøp av større private prosjekt. Til dømes oppgradering av hagen, maling av huset, båt i fjøra eller annan hobbyaktivitet ein kan fordrive tida med under lockdown. Under den fyrste nedstenginga av samfunnet, var dette klar gevinst for både industrien og vår mentale helse. Men etter kvart som samfunnet stenger ned gong på gong, er det liten tvil om at det minkar i pengepotten for kortvarige lykkeprosjekt.

Har korona-situasjonen bidrøge til at du og din familie står økonomisk vanskelegstilt, fins det kommunale tenester, hjelp og tilbod som kan dempe freistinga for å dra kredittkortet. Du treng ikkje lenger å henvende deg til ditt lokale NAV-kontor, då alt av tenester og tilbod i dag kan søkjast digitalt. Då vil du ikkje lenger vera avhengig av kontoret sine opningstider. Eksempel på nyttige hjelpetenester i Korona-

tida kan vera økonomisk rettleiringstime, bidrag til fritidsaktivitet for å overvinna ein vanskeleg situasjon og gratis lågterskeltilbod for heile familien. No går me inn i ei tid der biverknadene av pandemien vert synlege. Ved å ta i bruk kommunen sitt sikkerhetsnett, kan det vera mogleg å svinge unna kredittgjeld for 2021, som ein seinare må betale ned i det uendelige.

Mange har hatt inntektstap over lengre tid, og kredittkortet kan vera meir fristande å bruke enn nokon gong. Med denne artikkelen håper me at færre pådreg seg gjeld i 2021 og gjer seg kjend med lokale tiltak og lågterskeltilbod som til dømes Friskus, aktivitetskalendaren i kommunen. Å byte ut ein 14 dagar lang ferietur, kan vera sjølvre snuperasjonen for ei langvarig og sunn økonomisk tilverke.


## Kvar finn eg informasjon?

[www.nav.no](http://www.nav.no)

- Arbeidssökere/permitterte
- Foreldre, barn og familie
- Sosiale tjenester
- Opplysning, råd og veiledning

**NAV Luster opningstider:**  
kvar tysdag klokka 12.00 til 14.00.

# Det er mykje å oppleve i Luster



Det er ikkje sikkert me reiser så langt på ferie i sommar heller. Hugs då på at det er eit stort tilbod om du vil vere aktiv her i Luster.

På [www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no) kan du gjere søk ut frå aktivitet, eller ut frå kvar du vil vere. Eit søk på Luster syner m.a tilbod om:

- Brevandring
- Juving
- Rafting
- Museumsbesøk
- Kyrkjesøk
- Sykkelturar
- Tur med Rib-båt
- Kajakkpadling
- Bading, inne og ute
- SUP-brett
- Spa

I kommunen er det mange stader du kan gå turar, topptur, stolstur, lettare turar.

På [Ut.no](http://Ut.no) finn du flotte turområde.

Vil du ha idear til turar har Luster turlag topptrim, 10 turar i løpet av 3 år (2020-2022). Du finn dei på nettet og eiga facebookside.

Idrettslaget i kommunen har turorientering, med mange alternativ til fine turar. Søk på turorientering Luster og du finn oppsette turar.

Langs fjorden og innover dalane våre er det også fine serveringsplassar som er kjekke å besøke.

***God, aktiv sommar i Luster!***

## Lustra-sommar 2021

Skal du halde deg her i Luster, eller ynskjer å kome tilbake eller innom på besøk no i ferien? Då er Lustrasommar tingene for deg! Kva finn du på når du er her? Kanskje du har planen klar, eller kanskje du treng litt inspirasjon frå oss. Det finn du på heimesida vår, som snarveg på framsida.

Tagg oss gjerne i bileta dine på Instagram med **#Lustrasommar**!

**Returadresse:**  
**Luster kommune**  
**Postboks 77**  
**N-6866 Gaupne**  
**Noreg / Norway**



Følg oss på @Luster.kommune  
 og bruk emneknaggen  
 #Lusterkommune når du  
 legg ut bilete.

LUSTER.KOMMUNE

## Luster kommune er komne på Instagram!

Me er glade for å kunne seie at den 7. mai fikk me laga oss ein offentleg konto på Instagram, etter oppmoding frå Ungdomen sitt kommune-styre. Her vil me vise fram tenestene våre og den fine gjengen som sit bak arbeidet. Me håpar difor du vil følgje oss og sjå kva som skjer i kommunen, litt nærmere dei tilsette enn ein kjem på Facebook og heimesida vår. Med ein profil på Instagram håpar me at me når ut til fleire, særleg ungdomane i kommunen. Me vil også veldig gjerne høyre om de har nokre innspel til kva som bør setjast meir lys på!



## Ormelid – eit turalternativ for dei fleste!

Arbeidet går framover og 3 bygningar er ferdig restaurert. Me ventar no at sherpane skal koma i sommar og då held arbeidet fram med selet på Nedtestolen.

Alle er velkomne til å ta ein tur opp og sjå seg ikring. P-plass etter brua over Grandfasta og 2,5 km å gå opp på bratt traktorveg. Bord og benker på nedsida av tunet til å rasta. Det er fint å gå vidare oppover mot stølane og Løyfti.



## LUSTRA NYTT Nr. 1 - 2021

Opplag: 4.150. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus.

Redaksjonen avslutta 18. juni 2021.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun

Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/Ingrid Haukadal.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:

Luster kommune, Lustranytt,

Postboks 77, 6866 Gaupne.

Tlf. 57 68 55 00

E-post: postmottak@luster.kommune.no

Layout/produksjon: sognefjord.net as | Tlf 959 86 632

Framsidefoto: Øystein (10 år) og Martin (7 år) gjekk ein runde i skogen frå Bolstad til Orrestein og ned til Sengjaberget og plukka boss. Dei fann mykje plast og litt papir og metall.

Foto: Mona Kristin Bukve

## Viktige telefonnummer

Helseenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helseenteret med unntak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT

Tlf. 116 117

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP

Mob. 481 02 120

(Veg/vatn/kloakk)

NAV Luster

Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob. 416 59 440

Politi/Lensmann

Tlf. 112

Ambulanse

Tlf. 113

